



Suldal
kommune

Skattkammeret
Suldal



ÅRSMELDING OG ÅRSREKNESKAP 2023 Suldal kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg, april 2024

Framsidedfoto: Velferdsutvalet arrangerte tur til Junkervarden, foto av Suldal kommune
Foto elles i dokumentet: Espen Emil Søreng, Fotograf Elisabeth Bjørkhaug, og interne bilete Suldal kommune

INNHALD

Kommunedirektøren si innleiing	4
Sysselsetjing og demografi.....	4
Sjukefråvær	4
Utfordringar framover.....	4
Takk	4
Resultat.....	4
Klimautslepp og naturmangfald	4
Folketal	4
UTVIKLINGSTREKK	5
Folketal	6
Sysselsette	7
Klima	7
Naturmangfald	8
Nøkketal og måltal	9
ØKONOMI	11
Driftsresultat.....	12
Resultat.....	13
Fordeling renter, utbytte og eigaruttak.....	14
Fordeling skatt	14
Rammetilskot	14
Sal av konsesjonskraft.....	14
Næringsfond	15
Plassering og låneopptak	16
Investering	17
Einingane	20
Kjøp av varer og tenester	22
Innkjøp	25
POLITIKK OG ORGANISASJON	27
Politisk verksemd.....	28
Større saker organisasjonen har jobba med	29
Tilsyn og forvaltningsrevisjon	32
Driftsprosjekt 2023.....	37
TILBAKEMELDING PÅ HANDLINGSPROGRAMMET	41
1. Å leva, bu og trivast	42
2. Attraktive Suldal.....	47
3. Grøne Suldal.....	54
4. Nyskapande arbeidsgjevar	56
UTFORDRINGAR FRAMOVER	61
Digital transformasjon og berekraftige tenester	62



Årsmeldinga er kommunedirektøren si tilbakemelding til dei folkevalde på budsjett og handlingsprogram lagt for føregåande år.

Resultat

Suldal kommune fekk eit netto driftsresultat på 165 mill. kr i 2023 mot 255 mill. kr i 2022. Dette tilsvarar 20,1 prosent av driftsinntektene.

Suldal kommune sel konsesjonskraft i spotmarknaden. Vårt prisområde blir påverka av energisituasjonen i Europa. Inntektene gjev Suldal moglegheiter til å gjere store investeringar for fellesskapet, setje av midlar til vanskelege tider og halde lånegraden låg.

Sal av konsesjonskraft (124,5 mill. kr) vart likt regulert budsjett. Ryfylkefondet får overført 11,7 mill. kr. av dette som er noko av Suldal kommune sitt bidrag til regional utvikling.

Meir skatt frå private og naturressursskatt (13, 5 mill. kr) samt lågare rammetilskot (7,1 mill. kr) er noko av det økonomiske biletet. Overføring frå havbruksfondet (3,7 mill. kr) vart om lag lik regulert budsjett, Utbytte frå Haugaland kraft (12,6 mill. kr) samsvarar med regulert budsjett.

Klimautslepp og naturmangfald

Utsleppa gjekk opp i Suldal siste år (0,4%). Det nasjonale målet er å få ned utsleppa med 55% innan 2030. Suldal kommune har verna 26% av naturen. Det nasjonale målet er 30%.

Folketal

Det vart 74 fleire innbyggjarar i 2023. Samtidig veit vi at det er busett 92 flyktningar. Dette viser ei stor utfordring med reell nedgang i folketal utan busetjing av flyktningar.

Sysselsetjing og demografi

Arbeidsmarknaden i Suldal viser ein nedgang i sysselsette ved utgangen av 2023. 70,6% av befolkninga var sysselsett, ein nedgang frå 71,2% i 2022.

Tal heilt arbeidsledige var på 1,2% og det var cirka 10% uføre i 2023.

Den demografiske framskrivinga viser ei stor auke i talet på eldre fram mot 2030 og me veit det vil bli endå vanskelegare å rekruttera nok og rett kompetanse. God integrering, kvalifisering og mobilisering av den arbeidskrafta busette flyktningar har er ei stor og viktig utfordringar. 200 flyktningar er busette på 2 år.

Sjukefråvær

Sjukefråvær i 2023 var 6,7 prosent (2022: 7,6 prosent) Dette er ein gledeleg nedgang. Resultatet nærmar seg vedtatt mål på 6,5 %.

Utfordringar framover

Digital transformasjon og berekraftige tenester vil framleis vere utfordringane våre. Me må sjå på korleis me løyer oppgåvene også på tenestenivå i alle tenesteområde. Tida der behova for tenester er større enn tilgangen på menneskelege ressursar er her og utfordrar drifta vår. Det vil vera eit kontinuerleg fokus for kommunedirektøren i samarbeidet med dei folkevalde å sjå på tenestenivå og struktur.

Takk

Suldal kommune har medarbeidarar som kvar dag viser stor innsats for å realisere kommunen sine mål og gi gode tenester til innbyggjarar, næringsliv og besøkande. Det er mykje arbeidsglede i organisasjonen som viser seg i gode resultat. Årsmeldinga syner høg aktivitet både for å sikre dagleg drift og prioritere utviklingsarbeid. Kommunedirektøren ønskjer å rette ei stor takk til alle leiarar, tilsette, tillitsvalde og verneombod for det gode lagarbeidet i 2023. Like eins takk til dei folkevalde for godt samarbeid.

*Karin Dokken Austvik
kommunedirektør*

UTVIKLINGSTREKK

Foto: Espen Emil Søreng




Folketal

Det blei 74 fleire innbyggjarar i Suldal i 2023. Fødselsoverskotet var på 15. Det blei født 44 barn i 2023 som er det høgaste talet sidan 2017. Det døydde få personar i 2023 mot mange i 2022.


Netto innvandring var på 59 personar. Suldal kommune er avhengig av innvandring for å unngå befolkningsnedgang. Utan arbeidsinnvandring og mottak av flyktningar hadde kommunen hatt 591 færre innbyggjarar.

Det er eit mangfald av innvandrarar i Suldal med 39 ulike nasjonalitetar representert. Det har vore høg innvandring i frå Ukraina i 2022 og 2023. Det blei folkeregistrert 91 ukrainarar i Suldal i 2023. Innvandrar = arbeidsinnvandrarar og flyktningar inkludert barn fødd i Norge.


Befolkning Suldal 01.01



Fødde og døde i kommunen



Innvandrarar fordelt på landbakgrunn 01.01.2024




Syssselsette

I Suldal var 70,6% av befolkninga syssselsett i 2023. Ned i frå 71,2% i 2022. Det kan ha samanheng med mottak av fleire flyktningar.

Tal syssselsette i Suldal med butid 0-4 år er på 16%, men går opp til 76% i gruppa med butid 5-9 år. Tal syssselsette på landsbasis er på 68,6%. Heilt arbeidsledige var på 1,2% og det var cirka 10% uføre i 2023, tala har vore relativt stabile dei siste åra.

Tal i frå IMDI (sist oppdatert 31.12.2022) viser at innvandrarar har høg syssselsetting. Arbeidsinnvandrarar har ei syssselsetting på 83%. Flyktningar har ein syssselsettingsandel på 47%. Syssselsetting etter butid i Norge; 0-4 år 36,9%; 5 år eller meir 77,3%.

Syssselsette i %




Klima

CO2-utsleppa i Suldal har stige dei siste åra; med 0,4% ved siste rapportering.

Suldal kommune har mest utslepp i frå jordbruket, mobil forbrenning og sjøfart. Det meste av utsleppa i frå mobil forbrenning og sjøfart kjem i frå bergverkindustrien. For landbruket sin del så har utslepp i frå «fordøyelsesprosess dyr» gått opp og så har «utslepp landbruksareal» gått ned. Suldal kommune må jobbe med tiltak for å få ned utsleppa i frå desse sektorane.

Utslepp i frå oppvarming, avfall og vegtrafikk har ein nedgåande trend. Her har ein hatt gode og effektive tiltak både nasjonalt og lokalt.




Naturmangfald

Miljødirektoratet skriv at «Status og utvikling for inngrepsfri natur ble kartlagt på nytt i 2023. Resultatene publiseres etter planen i uke 14, april 2024».

Skogen i Suldal tar opp meir CO₂ enn det kommunen slepp ut. Ei god skogforvaltning er eit viktig bidrag for at Noreg skal nå klimamåla. Mykje natur har vore bygd ned dei siste åra, også i Suldal. Miljødirektoratet skriv at over 4% av utsleppa kjem i frå arealbruksendringar. Det blir bygd ned 50 kvadratkilometer kvart år kor 75% er skog.

No er det mange som prøver å snu trenden; over 80 kommunar har vedtatt å bli arealnøytrale blant anna ved å «vaske» gamle planer.

I Suldal er 26% av arealet verna. FNs naturaavtale av 19. des 2022 vedtok at 30% av all natur på land skal vernes. Det er eit mål Suldal skal jobbe mot framover.



Nøkkeltal og måltal

I denne delen blir det presentert sentrale mål- og nøkkeltal for Suldal kommune.

Dersom ikkje anna er opplyst, er det KOSTRA-tal frå SSB som bli presentert.

Merknad:

* = ingen tal,

.. = færre enn 5 personar, tal ikkje oppgitt.

Nøkkeltal for økonomi og sjukefråvær kjem lengre bak i årsmeldinga.

Spesielle forhold i 2023

- Tal barnehagelærar i forhold til grunnbemanning har gått opp og ligger no over landsgjennomsnittet.
- Tal elevar som får særskilt norskopplæring går opp. Av flyktningane som kom i 2023 så var det mange barn.
- Tal elevar som får spesialundervisning går ytterlegare ned og ligger godt under landsgjennomsnittet.
- Lågare meistringsnivå på både lesing og rekning i 8. klasse samanlikna med

fjoråret. Det er likevel høgt i forhold til landsgjennomsnittet.

- Fleire eldre over 80 år nyttar heimeteneste. Det har vore omlegging på Vinjarheim, ref bygging av ny sjukeheim, som gjer at tala går opp.
- Besøkstalet på Suldal bad har gått kraftig opp. 2023 var det første året med tilnærma full drift.
- Sjølvkost vatn og avlaup har gått ned. Færre tilknytingar og høgare rentenivå påverkar berekningsgrunnlaget.
- Kommunen gir mange bygge-dispensasjonar samanlikna med landet.
- Tal sosialhjelpsmottakarar og barn i familiar som mottok sosialhjelp gjekk kraftig opp. Me mottek mange flyktningar i 2022 og 2023 som måtte gå på sosialhjelp i starten fram til dei kom i gong med intro-opplæringa. Mange flyktningar er også avhengig av supplerande sosialhjelp over ein lengre periode fram til dei får seg jobb.

Nøkkeltal

	Landet	Suldal	Suldal	Mål
Barnehage	2023	2022	2023	2026
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år %	94,0	91,9	89,6	
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning %	41,3	32,5	42,2	50,0

	Landet	Suldal	Suldal	Mål
Skule	2023	2022	2023	2026
Elever som får særskilt norskopplæring %	5,9	6,5	8,2	
Elever som får spesialundervisning %	8,1	4,8	4,5	5,0
Elever på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn %	64,3	77,6	68,3	75,0
Elever på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn %	64,9	79,3	73,3	75,0
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	42,2	41,5	44,2	43,0

	Landet	Suldal	Suldal	Mål
Helse og velferd	2023	2022	2023	2026
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	328,5	479,4	463,2	
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstj. m/helseutdanning %	77,5	88,2	86,3	
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester %	27,2	30,9	34,4	
Andel innbyggere 80 år og eldre med institusjonsopphold %	9,9	8,8	8,6	
Utgifter per oppholdsdøgn i institusjon (kr)	5274	6541	6906	

Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	13,0	18,3	17,2	
---	------	------	------	--


Kultur	Landet	Suldal	Suldal	Mål
	2023	2022	2023	2026
Besøk i folkebibliotek per innbygger (antall)	3,8	5,3	5,2	
Barn 6-15 år i kommunens kulturskole %	13,2	24,1	23,6	
Besøk per kinoforestilling (antall)	21,9	15,5	14,8	
Suldal bad (interne tal) (besøkende frå 3 år)		33040	42892	

Vatn og avløp	Landet	Suldal	Suldal	Mål
	2023	2022	2023	2026
Selvkostgrad (prosent) avløp	97	69	68	
Selvkostgrad (prosent) vann	98	82	63	
E.coli: Andel med tilfredsstillende prøveresultater %	97,1	100,0	100,0	

Miljøforvaltning	Landet	Suldal	Suldal	Mål
	2023	2022	2023	2026
Andel av byggesøknader i områder med restriksjoner som ble innvilget ved dispensasjon av kommunen %	49,7	63	70,8	

Plan og byggesak	Landet	Suldal	Suldal	Mål
	2023	2022	2023	2026
Gj.snittleg saksbeh.tid for byggesøknader med 12 ukers frist (dager)	38	52	56	
Gj.snittleg saksbeh.tid for byggesøknader med 3 ukers frist (dager)	19	13	19	
Andel med dispensasjon fra plan %	20,1	34,5	36,6	

Sosialteneste	Landet	Suldal	Suldal	Mål
	2023	2022	2023	2026
Sosialhjelpsmottakere (antall)		143	214	
Antall barn i familier som mottok sosialhjelp (antall)		91	158	
Gjennomsnittlig stønadstid for sosialhjelpsmottakere (antall)	5,0	4	4,5	
Mottakere av introduksjonsstønad (antall)		48	87	



ØKONOMI

Driftsresultat

Suldal kommune hadde i 2023 eit netto driftsresultat på 20,1%, som i kroner gir 165,0 mill. kr. Det var budsjettert med eit netto driftsresultat på 8,6% og regulert budsjett på 16,7%.

Samla er driftsinntektene 1,8% høgare enn regulert budsjett. I kroner utgjør dette 14,3 mill. kr.

Sal av konsesjonskraft

Regulert budsjett for sal av konsesjonskraft var 124,5 mill. kr. Sal av konsesjonskraft vart lik regulert budsjett. Av regulert budsjett utgjør 1,4 mill. kr. avsetjing til sal av konsesjonskrafts fond. Regulert budsjett overføring til Ryfylkefondet 11,7 mill. kr. er same sum som er overført til Ryfylkefondet.

Skatt

Skatt private og naturressursskatt vart samla 13,5 mill. kr. høgare enn regulert budsjett. Samstundes er rammetilskotet 7,1 mill. kr. lågare enn regulert budsjett.

Overføring frå Havbruksfondet

Overføring frå Havbruksfondet var budsjettert med 3,4 mill. kr. Overføringa frå fondet vart 3,7 mill. kr.

Utbytte

Det var budsjettert med utbytte frå Haugaland kraft på 7,5 mill. kr. I 2. tertialrapport vart budsjettet auka opp med 5,1 mill. kr. Samla utbytte frå Haugaland kraft 12,607 mill. kr. Dette samsvarar med regulert budsjett.

Renteinntekter

Det er 11,9 mill. kr. meir i samla renteinntekter frå bank og plasseringar enn regulert budsjett. Auken kjem av meir bankinnskott enn kva som var lagt til grunn i budsjettet, samt god avkastning på plasseringar.

Overføring og tilskot frå andre

Overføring og tilskot frå andre er 9,6 mill. kr. høgare enn regulert budsjett. Meirinntektene her kjem frå meir refusjon legetenesta, momskompensasjon, sjuke-

og fødselspengar og meir «aktivitets-tilskot» i einingane.

Finansiering av investeringar

Det er nytta 42,5 mill. kr. i driftsmidlar og 63,0 mill. kr. frå disposisjonsfond til finansiering av investeringar i 2023. I tillegg er det nytta 34,4 mill. kr. frå konsesjonsavgiftene (28,5 mill. kr av desse frå tidlegare avsette midlar).

Fond

Netto auke disposisjonsfond i 2023 var 27,2 mill. kr. Desse fordelar seg slik:

Avsetjing til disposisjonsfond

- Sal av konsesjonskraft fond 1,5 mill. kr.
- Eigedomsskattefond 7,8 mill. kr.
- Disp. fond driftsprosjekt 2,0 mill. kr.
- Premieavviksfond 28,1 mill. kr.
- Integreringstilskotsfond 12,0 mill. kr.

Bruk av disposisjonsfond

- Disposisjonsfond, netto 20,4 mill. kr.
- Overskytande midlar områda 1,5 mill. kr.
- AFP midlar 1,0 mill. kr.
- Spelemiddelfond 1,1 mill. kr.
- Andre mindre bruk samla 0,2 mill. kr.

I tillegg er det avsett på disposisjonsfond investering 7,5 mill. kr.

Investeringsprosjekt

For 2023 var det budsjettert med 256,6 mill. kr. i investeringar. Regulert budsjett for 2023 syner at det skulle investerast for 226,9 mill. kr. Rekneskapen syner at det vart investert for 220,1 mill. kr., 6,8 mill. kr. mindre enn regulert budsjett. Samla etterslep på investeringar i 2023 er 76,2 mill. kr.

Det vert i rekneskapssaka føreslått å avslutta 8 prosjekt. Samla midlar att i desse prosjekta 5,8 mill. kr.

Lån

Det er ikkje teke opp nytt lån til investeringar i 2023.

Resultat

Linje		2015	2019	2020	2021	2022	2023
	DRIFT:						
1	Driftsinntekter	-509 322	-573 888	-579 317	-698 853	-922 670	-820 327
2	Driftsutgifter	494 725	545 251	572 376	598 740	707 989	722 170
3	Brutto driftsresultat	-14 597	-28 638	-6 941	-100 113	-214 681	-98 157
	FINANSINNTEKTER						
4	Renteinntekter og utbytte	-16 427	-21 597	-22 386	-12 577	-28 879	-49 028
5	Mottekne avdrag på lån 1)	-5 709	-3 445				
6	Gevinst finansielle omløpsmidlar				-8 872	-2 973	-5 390
7	Sum finansinntekter	-22 136	-25 042	-22 386	-21 449	-31 852	-54 418
	FINANSUTGIFTER						
8	Renteutgifter og lånekostnader	4 300	6 359	4 737	3 119	6 723	12 912
9	Avdrag på lån	15 002	21 402	22 427	22 704	23 850	23 535
10	Sosial og næringsutlån 1)	3 796	4 139				
11	Tap finansielle midlar	5 443	1 802	7 091	972	4 586	1 426
12	Sum finansutgifter	28 541	33 702	34 255	26 795	35 159	37 873
13	Motpost avskrivningar	-31 606	-37 716	-37 822	-39 111	-44 382	-50 273
14	Netto driftsresultat	-39 798	-57 694	-32 844	-133 878	-255 756	-165 975
15	Netto driftsresultat i %	8,0	10,1	5,7	19,2	27,7	20,1

	INVESTERING:	2015	2019	2020	2021	2022	
16	Overført frå driftsrekneskapen	-19 325	-2 695	-23 341	-29 906	-35 900	-149 874
17	Bruk av lån	-25 905	-48 719	0	-52 446	0	-6 930
18	Investeringar (prosjekt)	96 653	91 583	38 230	99 874	48 961	220 340

	LØN:	2015	2019	2020	2021	2022	
19	Budsjetterte årsverk 2)	453,3	436,0	437,0	432,6	434,2	439,1

1) Frå og med 2020 er desse postane del av driftsinntektene og driftsutgiftene.

2) Sjølv med auke i inntektene over tid er det sær sars liten auke i tal årsverk. Auke i tal årsverk i 2023 kjem av auka tal læringar.

Linje	i % av driftsinntekter	2018	2019	2020	2021	2022	2023
1	Brutto driftsresultat, eks. avskrivning	12,9	11,6	7,7	19,9	28,1	18,1
2	Netto finansutgifter	1,6	2,3	1,9	2,5	2,2	4,9
3	Netto gjeldsavdrag	-3,8	-3,8	-3,9	-3,2	-2,6	-2,9
4	Netto driftsresultat	10,7	10,1	5,7	19,2	27,7	20,1
5	Sekundærmidlar	0,1	-0,1	0	0	0	0,3
6	Sum frigjort av årets inntekter	10,8	10,0	5,7	19,2	2,7	20,4
7	Årets brutto investeringar	16,1	16,0	6,6	14,1	5,3	26,9

For 2023 utgjer netto driftsresultat i % av driftsinntektene (eks. avskrivningar) 20,1%. Målsetjinga for Suldal var å liggja på minimum 4,5%

Fordeling renter, utbytte og eigaruttak

Linje	(heile tusen)	2018	2019	2020	2021	2022	2023
1	Renteinntekter	5 947	7 644	5 727	4 566	13 630	33 863
2	- bank	(3 082)	(3 914)	(2 712)	(2 292)	(9 501)	(23 355)
3	- plassering	(1 642)	(2 069)	(1 581)	(1 095)	(2 168)	(7 005)
4	- utlån	(1 223)	(1 661)	(1 434)	(1 179)	(1 961)	(3 503)
5	Morarenteinntekter	12	16	28	5	43	41
6	Gevinst/Kursgevinstar	4 604	4 665	6 905	8 872	2 209	5 390
7	Utbytte/Eigaruttak	10 082	8 785	7 706	8 007	15 206	15 124
8	Haugaland Kraft	(9 000)	(7 714)	(6 789)	(6 674)	(13 447)	(12 607)
9	Sum	20 645	21 110	20 366	21 450	31 088	54 418

Finansielle omløpsmidlar lik som regulert budsjett. Det er 2,5 mill. kr. meir i utbytte enn regulert budsjett, som kjem frå plasserte midlar.

Det er 11,9 mill. kr. meir i samla renteinntekter enn regulert budsjett. Auken kjem som følgje av meir bankinnskott enn kva som var lagt til grunn samt god avkastning på plasseringar.

Fordeling skatt

Line	(heile tusen)	2018	2019	2020	2021	2022	2023
1	Skatt private	100 131	103 858	96 992	110 740	119 607	126 737
2	Naturressursskatt	53 162	53 054	51 025	50 610	52 022	52 225
3	Eigedomsskatt(br.)	103 891	113 483	136 793	143 553	130 395	162 324
4	Sum	257 184	270 395	284 810	304 903	302 023	341 286

Skatt private 11,3 mill. kr høgare enn regulert budsjett. Samstundes er naturressursskatt 2,2 mill. kr høgare enn regulert budsjett. Naturressursskatt og skatt private må sjåast i samanheng med rammetilskotet. Eigedomsskatten gjekk opp i 2023 på grunn av høge straumpisar i 2021. Eigedomsskatten for kraftverk blir bestemt ut i frå inntekter og kostnader siste 5 avlagte rekneskapsår, men maksimalt 2,74kr/kwh av gjennomsnittleg produksjon 7 siste avlagte rekneskapsår. Pumpekraft kjem til fråtrekk. På grunn av høg straumpriis 2021-2023, så vil eigedomsskatten bli bestemt av maksgrrensa dei neste åra.

Rammetilskot

Rammetilskotet er 7,1 mill. kr. lågare enn regulert budsjett. Mindre rammetilskot kjem av auken i skatt private og naturressursskatt, som samla har ein auke 13,5 mill. kr.

Sal av konsesjonskraft

Linje	(heile tusen)	2018	2019	2020	2021	2022	2023
1	Forvaltning	650	650	650	650	153	155
2	Overføring Ryfylkefondet	3 537	2 309	0	9 184	25 391	11 720
3	Sal av konsesjonskraft	-33 344	-37 391	-4 623	-92 487	-273 985	-124 520
4	Netto inntekt	-29 157	-34 432	-3 973	-82 653	-248 441	-112 645
5	Mengde	135,6	136,6	136,6	136,6	136,8	142,6
6	Pris øre	41	39	10	80,7	208	98,7
7	Avsetjing til bufferfond	13 393	3 367	0	22 650	30 000	1 420
8	Bruk av bufferfond			3 457			

*i 2020 var det ingen avtale med Ryfylkefondet. Frå 2021 syner ein spotprisen i vårt prisområde (NO2).

Næringsfond

Ulla Førre næringsfond

Ulla Førre næringsfond sitt styre har hatt 6 møte i 2023.

Ulla Førre næringsfond har faste søknadsfristar, 1. januar, 1. mai og 1. september. Det vert lagt til grunn innarbeida retningslinjer for sakshandsaming og vurdering i handsaming og vedtak i fondsstyret.

Kommunestyret vedtok i desember 2023 at vedtektene for Ulla Førre næringsfond skal reviderast i 2024.

Sakene er handsama i tråd med vedtekter og innarbeidd praksis samt innhaldet i næringskapitelet i kommuneplanen.

Lån frå næringsfondet vil over tid bli tilbakebetalt og nytta til nye utlån eller bli tilført fondskapitalen, medan tilskot vil redusera fondskapitalen. Fleire lån har fått utsett frist for innbetaling av renter og avdrag. Dette påverkar økonomien i fondet.

Det er framleis auke i søknader om utsetjing/omgjering/ending av lånevilkår grunna krevjande økonomisk situasjon for verksemdene.

Linje	Fondskapital 31.12 (heile tusen)	2018	2019	2020	2021	2022	2023
1		27 877	28 021	28 898	25 940	20 368	25 073

Linje	Innvilga (heile tusen)	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Sum
1	Lån	2 700	2 600	3 100	5 500	10 894	4 520	29 314
2	Tilskot	1 120	440	955	346	375	925	4 161
	Sum lån og tilskot	3 820	3 040	4 055	5 846	11 269	5 445	33 475
	Tal søknader							
3	Lån	2	4	5	2	6	9	
4	Tilskot	12	9	13		9	3	
5	Oppstarttilskot				7	6	13	
6	Kompetansemidlar				3	3	5	
7	Søknad utsetjing/ omgjering /ending av lånevilkår					7	8	

Suldal kommunale næringsfond

Suldal kommunale næringsfond har gitt 6 tilskot på til saman kr 395 000,- i 2023.

Fondet blei undersøkt av Rogaland Revisjon IKS i 2022. Det var Suldal kontrollutval som bestilte undersøkinga. Rogaland Revisjon IKS kommenterte at fondet hadde mangelfulle og uklare retningslinjer.

Retningslinjene er no oppdatert. No går søknadene og ettersending av dokumentasjon digitalt. Sakene blir også automatisk arkivert. Tidlegare har mykje vore manuelt med fare for feil.

Fondet skal revidera vedtektene i 2024.

Plassering og låneopptak

Aktiva fordelt på forvaltar og klasse

Forvaltar	Marknadsverdi 01.01	Marknadsverdi 31.12	Avkastning i %	Bench- mark
Bergen Capital Management				
Bankinnskot aksjer	1 022 888	550 252		
Aksjar	19 333 468	23 887 080	20,05	11,19
Bankinnskot obligasjonar	2 870 285	1 640 160		
Obligasjonar	97 438 100	103 399 500	4,72	2,58
Sum	120 664 741	129 476 992	7,65	
Sparebank 1 SR-Forvaltning				
Bankinnskot	1 109 996	908 025		
Aksjar	16 260 450	18 408 611	11,20	11,19
Sum	17 370 445	19 316 636		
Fondsforvaltning AS				
Pluss utland aksje	402 146	550 428	36,87	11,19
Pluss kort likviditet II	50 763 878	53 195 269	4,79	2,58
Sum	51 166 024	53 745 698	5,04	
Totalt	189 201 210	202 539 326	7,97	

Avkastning

Gjennomsnittleg avkastning på aksjar og obligasjonar var på 7,97 % (bank 4,54 %, aksjar 16,20 % og obligasjonar 4,74 %). Totalt om lag NOK 10,7 mill. mot eit budsjett på NOK 3 mill. Referanseindeksen hadde ei avkastning på 11,19 % for aksjar og 4,72 % for sertifikat/obligasjonar. Samla gav referanseindeksen ei avkastning på 2,87 %.

Stresstest

Ein reduksjon i aksjemarknaden på – 30%, og auke i rentenivå på 2% vil medføre ein

endring i verdien på NOK 13,0 mill. Rente-/kurs-regulering fond er pålydande NOK 13,7 mill.

Risikorammer

Det er ingen avvik mellom risikorammer og faktisk forvaltning. Av den totale portefølje er 1,5 % plassert i bank, 77,3 % i risikoklasse 2 (sertifikat/obligasjonar), og 21,2 % i risikoklasse 5 (aksjer). Grensa er 100% for risikoklasse 2 og 50% i risikoklasse 5.

Opptak av lån

Långjevar	Gjeld 01.01	Gjeld 31.12	Rente i gj.snitt i %	Ant lån
Husbanken	458 065	162 385	3,69	1
KLP	79 158 246	73 179 194	5,32	4
Kommunalbanken	171 430 370	154 202 470	5,29	13
Totalt	251 046 681	227 544 049	5,31	18

Ingen lån har rentebinding. Det er ikkje tatt opp nye lån i perioden. Differansen mellom gjennomsnittleg innskot i bank og låneopptak er positiv med NOK 262,3 mill. Ein endring på 1% i rentenivå vil auka finansresultat med NOK 2,623 mill.

Investering

Linje		2018	2019	2020	2021	2022	2023
1	Tal budsjetterte prosjekt	32	35	39	72	53	45

Etterslepet på prosjekt i 2023 som skal vidareførast i 2024 vert budsjettregulert i eiga sak i 2024

Dei største utbyggingsprosjekta i 2022:		Brukt i 2023 (mill.)	Brukt t.o.m. 2023 (mill.)
1	IT (ulike prosjekt)	6,4	
2	Brannsikring Jelsa kyrkje	0,9	4,0
3	Ny Suldal sjukeheim 1)	122,7	137,8
4	Sand sentrum Nord, Bekkjartorget m.v.	16,4	20,2
5	Leige for å eige bustadar, Sand	5,4	5,4
6	Bustadfelt Jelsa	14,4	17,0
7	Kjøp av bygningar Rygjatun	6,7	6,7
8	Nytt vassverk Sand	1,2	1,2
9	VA-Mosvatnet, hyttefelt Åsliane	1,6	9,8
10	Nytt vassverk Vatlandsvåg	3,4	3,4
11	Ombygging til LED lys	0,5	1,9

1)Av nytta midlar til Suldal sjukeheim har Suldal kommune motteke 31,670 mill. kr. i tilskot frå Husbanken.



Foto: Suldal kommune, Bekkjartorget

Suldal sjukeheim

Tidlegare sjukeheim er riven og blir erstatta av nybygg som vert bygd etter Husbanken sine retningslinjer. Nye Suldal sjukeheim er på ca 6600 m² og har 38 bebuarrom, dagsenter, sentralvaskeri og eit storkjøkken - og skal vera ein del av det eksisterande Helsetunet.

Vedteken prosjektråme er kr. 424,4 mill. Prosjektet held oppsett framdriftsplan. Sjukeheimen skal stå ferdig våren 2025.

Sand Sentrum Nord

Byggeprosjektet Sand sentrum Nord omfattar opprusting og utbygging av areala som ligg innafor vedtatt reguleringsplan for Sand sentrum Nord. Utbygginga skal skje i tre byggetrinn.

Byggetrinn I (opparbeiding av områda ved Bekkjatorget med tilhøyrande kaiareal og trafikkareal) er fullført men er ikkje formelt overteken ved årsslutt.

Byggetrinn II som gjeld veg og parkeringsareala frå vegkrysset mot Gata og opp mot avkøyrsla til kommunehuset vil bli gjennomført i 2024.

Byggetrinn III/ Rallebekkjen (utarbeiding av veg-, gang- og parkeringsareal mellom avkøyrsla opp til kommunehuset og inn mot Nedre Dalane) er under planlegging.

Sandaneset bustadfelt, Jelsa

Byggestart for opparbeiding av bustadfeltet var våren 2022. Bustadfeltet inneheld til saman 23 tomter til bygging av einbustader og eit område til konsentrert utbygging av rekkehus eller liknande.

Arbeidet er i hovudsak ferdig, men det står att asfaltering som skal skje våren 2024.

Ny vassforsyning Kjølvik/Vatlandsvåg

Etablering av ny vassforsyning/overføring frå Berakvam til høgdemagasinet på Kjølvik. Prosjektet er under utføring – vart starta opp hausten 2023 og skal ferdigstillast i april 2024.

Nytt vassverk Sand - Hønesteg

Mattilsynet har sett krav om at Sand skal ha eit operativt reservevassverk. Etter at bygging av nytt vassverk på Hønesteg er gjennomført, vil eksisterande vassverk i Larvika på Sand bli reservevassskjelde for Sand.

Reguleringsplan for området er vedteken der sonevis klausuleringsområde med tilhøyrande føresegner er innarbeidd. Det står att nokre formelle detaljar knytt til løyver og grunnavtalar før me kan kunngjere oppdraget. Forventa oppstart utbygging av nytt vassverk vil truleg skje hausten 2024.

Bygging av elevheim ved Rygjatun

Prosjektet gjeld bygging av ny elevheim ved Rygjatun.

Det er vedteken ei budsjettramme på kr. 153,5 mill. for åra 2023 – 2025.

Prosjektet er påbyrja: 2 bustader og ein garasje er rivne og det er sett opp brakkerigg til elevar i byggjeperioden.

Riving av gammalt internatbygg starta medio oktober 2023, grunnarbeidet er starta opp og overlevering av ferdig bygg er planlagt i juni 2025. Prosjektet held oppsett framdriftsplan.

Utviklinga i opptak av lån til investeringar

For 2023 var det ikkje budsjettert med nye låneopptak, utanom startlån (lån til vidare utlån i Husbanken).

Linje	År	2018	2019	2020	2021	2022	2023
1	Lånesaldo 31.12	282 845	283 677	272 165	274 897	251 047	227 512
2	Avdrag, investeringslån	21 398	21 401	22 427	22 704	23 850	23 535
3	Renter, investeringslån	4 956	5 591	4 872	2 824	6 354	11 425

Lånefinansiering av årets investeringar

Anbefalt nøkkeltal (50-60%)

Linje	(heile tusen)	2018	2019	2020	2021	2022	2023
1	Investering i anleggsmidler	92 371	91 583	38 230	99 874	48 961	220 340
2	Lånefinansiert	52 455	48 564	0	52 446	0	6 930
3	% lånefinansiert	56,8	53,0	0	52,5	0	3,2

Avslutta investeringsprosjekt i 2023

Linje	Prosjekt som er avslutta pr. 31.12.2023	Budsjett	Rekneskap	Avvik (R-B) Minus er underforbruk	Kommentar
1	301710 Ny veg ved Bjødneteigen	9 782,00	9782,00	0,00	Gjennomført
2	301711 Solskjerming bustader/dagtilbod/base Jelsa	300 000,00	350 336,00	50 336,00	Gjennomført
3	401518 Kjøp av bygg og eigedom frå Rygjatun Eigedom AS	6 700 000,00	6 663 670,75	-36 329,25	Gjennomført
4	403901 Bustadfelt Suldalsosen, Brakåsen – Klypetjørn	5 609 511,00	12 220,00	-5 597 291,00	Gjennomført
5	501008 Bil, Suldal bad	150 000,00	150 000,00	0,00	Gjennomført
6	604510 VA-utbygging Åsliane, Mosvatnet	1 797 548,00	1 644 208,00	-153 340,00	Gjennomført 1)
7	701302 Asfaltering uteområde, Teknisk drift	500 000,00	473 756,00	-26 244,00	Gjennomført
8	704402 Nye gatelys Lølandsvegen	800 000,00	736 198,00	-63 802,00	Gjennomført

- 1) Det vert gjort ei vurdering om å ikkje byggje ut eit område i planen av omsyn til Naturmangfaldlova §10 (økosystem og samla belastning).

Foto: Suldal kommune, byggeplassen til Nye Suldal sjukeheim



Einingane

Einingane (inkludert politikk og kommunedirektøren)

Einingar (heile tusen)		Oppr. budsj.	Reg. budsj.	Rekneskap	Avvik Reg. bud. rekneskap	Avvik Reg. bud rekneskap
		Kroner	Kroner	Kroner	Kroner	%
1	Form.sk/K-styre	6 592	6 407	6 531	-124	-1,9
2	Levekår	489	484	349	135	27,9
3	LMT	603	596	335	261	43,8
4	Kommunedirektøren	5 791	3 204	2 409	795	24,8
	RITS	4 264	4 300	4 325	-25	-0,6
5	ØKONOMI OG ORGANISASJON	117 563	90 377	82 471	7 906	8,8
6	Økonomi og organisasjon	77 382	52 156	49 115	3 041	5,8
7	Kommunekassen	16 847	18 136	15 304	2 832	15,6
8	Organisasjon og innbyggjar-kontakt	23 334	20 085	18 052	2 033	10,1
9	OPPVEKST	118 747	133 673	131 232	2 441	1,8
10	Overordna oppvekst	14 326	9 138	7 369	1 769	16,1
11	PPT	3 392	4 169	3 012	1 157	27,8
12	Stølane barnehage	6 353	8 607	8 591	16	0,2
13	Kjølvikstølen barnehage	3 178	4 508	4 584	-76	-1,7
14	Vinjar barnehage	9 634	12 507	12 352	155	1,2
15	Sand barnehage	11 716	14 994	14 430	565	3,8
16	Erfjord skule	8 577	10 735	10 933	-198	-1,8
17	Marvik skule	4 004	4 817	4 841	-24	-0,5
18	Sand skule	30 887	37 237	38 063	-826	-2,2
19	Vinjar skule	11 226	12 990	13 321	-331	-2,6
20	Jelsa oppvekstsenter	5 767	7 120	7 064	56	0,8
21	Nesflaten oppvekstsenter	4 350	4 129	4 144	-14	-0,3
22	Vanvik oppvekstsenter	2 843	3 174	2 985	188	5,9
23	Gullingen leirskule	953	1 044	1 039	4	0,4
24	Introsenteret i Suldal	1 541	-1 496	-1 496	0	0
25	HELSE OG VELFERD	161 649	192 046	193 405	-1 359	-0,7
26	Helse og Velferd	10 267	8 424	7 370	1 055	12,5
27	NAV	7 509	8 571	8 204	367	4,3
28	Suldal sjukeheim	39 002	54 963	55 329	-366	-0,7
29	Helse	21 311	28 277	31 925	-3 648	12,9
30	Suldal heimeteneste	50 334	52 301	51 911	390	0,8
31	Suldal bu- og aktivitetstiltak	21 637	26 421	26 859	-439	-1,7
32	Barnevern	11 589	13 089	11 807	1 282	9,8
33	Kultur- og samfunns-utvikling	108 895	138 439	145 643	-7 204	-5,2
34	Kultur- og samfunnsutvikling	7 031	7 718	7 324	395	5,1
35	Bygdeutvikling	8 861	9 519	9 069	450	4,7
36	Kultur	26 082	31 666	31 493	172	0,5
37	Teknisk drift	66 921	89 536	97 757	-8 221	-9,2
38	SAMLA SUM	524 593	569 526	566 700	2 826	0,5

Tabellen er inkl. bruk og avsetjing til fond innafor tenestene.

Einingane har fått budsjettregulert for straumutgiftene frå avsette fellesmidlar til straum.

Løn, sosiale kostnader og kjøp av vikartjenester

Det er nytta 6,9 mill. kr. mindre til løn og 5,0 mill. mindre til pensjon og arbeidsgjevaravgift. Noko av grunnen til at det er budsjettmidlar att, er att det er svært utfordrande å skaffa / rekruttera vikarar. Utfordringa med å skaffa vikar ser ein innafor barnehage, skule, reinhald, sjukeheim og heimetenesta.

Hjå Helse har det vore vakante legestillingar. Her har ein kjøpt tenester frå vikarbyrå. Det er kjøpt vikartjenester for 8,0 mill. kr., der 3,7 mill. kr. av desse er dekkja med unytta lønsmidlar, 0,7 mill. kr. vart tilført i 1. tertialrapport, medan resten 3,6 mill. kr. kjem fram som negativt avvik i eininga.

Det er ein auke i tal brukarar av SFO grunna gratis kjernetid. Dette gir behov for fleire vaksne, men ikkje auke i inntektene, då dei fleste berre vel den tida det er gratis.

Pensjon

Som vedteke i budsjett 2023 er det nytta midlar frå premiefondet til dekning av pensjonspremie. Det er nytta 15,266 mill. kr. i fellesordninga og 1,734 mill. kr. i sjukepleiarordninga, samla 17,0 mill. kr. i bruk av premiefond.

Talet på dei som tek ut AFP auka frå 7 personar i 2022 til 10 personar i 2023. Talet på dei som tek ut seniorpolitiske tiltak går

ned. Dette er det teke omsyn til i budsjettet for 2024.

Mottak av flyktningar og mellombelse stillingar

Det er i 2023 kome 92 flyktningar til Suldal. Saman med dei 90 som kom i 2022 syner dette att i folketalsstatistikken. At det kjem så mange flyktningar gir også nokre utfordringar. I ein periode treng me fleire folk i arbeid for å få til busetjing, opplæring, helseoppfølging, barnehageplassar, praksisplassar m.m. Dette gjer at tal mellombelse stillingar i kommunen har auka monaleg. Samla er det om lag 15,0 mellombelse stillingar knytt til mottak av flyktningar i 2023. For å sikra finansiering av desse er det avsett på fond 12,0 mill. kr. av motteke integreringstilskotsmidlar i 2023. Desse skal dekkja stillingar som er vidareført til 2024 for å jobba med flyktningane som er komne og dei som kjem i 2024.

Mange av desse stillingane var også i bruk i 2022 då me også tok i mot 90 flyktningar. Fleire tilsette som fyller stillingane arbeida og i andre mellombelse stillingar før 2022. Dette gir utfordringar knytt til krav om fast stilling i Suldal kommune. Når tilsette har arbeida 3 år mellombels har dei etter Arbeidsmiljølova (§ 14-9) rett på fast stilling. Det vil då seie at dei får eit fast tilsettingsforhald i Suldal kommune, utan at dei søker på fast stilling i kommunen eller at det er budsjettert med den stillinga.

Foto: Suldal kommune, ein tilsett går av med pensjon



Kjøp av varer og tenester

Dei generelle kostnadane til innleige og leverandørar, materialar og tenester har gått monaleg opp i 2023.

Kjøp av tenester / vikartenester

Kjøp av legevikartenester utgjør ein stor del av meirforbruket innafor kjøp av varer og tenester. Kjøp av legevikartenester kjem av vakanse i fleire legestillingar i 2023.

To av einingane i oppvekst har nytta meir midlar til kjøp av tenester enn budsjettert.

Dette gjeld både vikartenester og brukarrelaterte tenester så som «Grøn omsorg», «Inn på tunet» og Rysteg.

Kjøp av branntenester

Etablering av eige brann og redningsvesen sommaren 2023, med avtale om kjøp av forebyggjande tenester og brannsjef bidrog til eit stort avvik. Samla avvik 1,87 mill. kr. over regulert budsjett. Overforbruket kjem av meir kjøp av forebyggjande tenester enn

budsjettert 0,45 mill. kr. Mindre inntekter feiing 0,13 mill. kr., og 1,3 mill. kr. som kjem av auka lønsutgifter, kjøp av nye brannklede, merking av køyretøy og klede, samt kjøp av tenester beredskap brann.

Overforbruket her kjem etter vel eit halvt år med eiga drift. Omfanget av desse utgiftene var ikkje kjende då ein la budsjett for 2024.

Brøyteutgifter

Store utgifter i november og desember som følge av mykje snø, gjer at brøyteutgiftene er 5,189 mill. kr. over regulert budsjett i 2023.

For å møte svingingane i brøyteutgifter mellom åra er det for 2024 oppretta eit brøytefond som skal nyttast til å ta svingingane. Dette kan eksempelvis gi bruk av fondet eit år med mykje snø og avsetjing til fondet eit anna år med lite snø.

Brøyting vegar og parkeringsplassar (heile tusen)	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023
Ropeidhalvøya	105	460	451	655
Jelsa	41	233	253	438
Erfjord	207	472	335	672
Sand	327	1 007	720	1 939
Suldalsosen	955	1 007	1 432	1 746
Nesflaten	314	307	615	644
Ulladalen	970	732	1 221	1 789
Hylsfjorden	351	491	818	940
SAMLA SUM	3 270	4 709	5 845	8 821

I tillegg kjem beredskapsgodtgjersle som i 2023 utgjør 1,698 mill. kr.

Tilskotsordningar

Søskenmoderasjonar og gratis kjernetid samla for barnehage og SFO utgjør som i 2022 om lag 1,6 mill. kr. Av dette gjeld 1,0 mill. kr. SFO og 0,581 mill. kr. barnehage for 2023.

Sosialhjelp

Ved mottak av flyktningar mottek Suldal kommune integreringstilskot i 5 år. Tilskotet er høgast dei to første åra og vert så redusert dei påfølgjande åra. Det er difor særskilt viktig å lukkast med å få flyktningar i jobb slik at dei klarar å forsørge seg å sine sjølve. Dersom dei ikkje kjem ut i arbeid vil ein etter kvart få eit utfordring når det gjeld sosialutgifter. Slik som det er lagt opp nå vert

sosialhjelp/supplerande sosialhjelp dekt av integreringstilskotet dei 5 første åra. I økonomiplanen er det ikkje teke høgde for at ein skal ha store sosialutbetalingar ut over dei 5 åra som ein får integreringstilskot.

Det er stor auke i sosialutbetalingar i 2022 og 2023, men som tabellen under syner, er den store auken innafor sosialhjelp til flyktningar. Når flyktningane vert busett i Suldal får dei sosialhjelp til etablering, buutgifter og livsopphald før dei kjem i gong med intro-programmet. I tillegg får ein del av flyktningane supplerande sosialhjelp medan dei får introduksjonsløn. Aukn i sosialhjelp er høgast i 2022 og 2023, som er dei åra som me har teke imot 90 flyktningar kvart av åra.

Sosialhjelp	2020	2021	2022	2023
Sosialhjelpstilfeller (antall)	102	85	143	214
Antall barn i familier som mottok sosialhjelp	83	63	91	158
Sosialhjelpsutbetalingar: (heile tusen)				
Busette flyktningar, tal frå IMDI	6	14	90	92
Flyktningar 1), livsopphald	1 059	969	2 256	3 923
buutgifter	133	91	1 016	1 779
andre føremål	541	247	1 774	2 431
Andre 1) livsopphald	953	1 118	933	1 419
buutgifter	431	591	404	405
andre føremål	436	339	575	683

1) Som flyktning ved sosialhjelpsutbetaling, reknast dei som er innafor dei 5 åra som ein får integreringstilskot frå IMDI. Etter 5 år vert dei ein del av «Andre».

Støtteordning i høve straumtiltak

Hausten 2022 blei det innført støtteordningar i høve ulike straumtiltak. Ordninga er svært populær. Det mest populære tiltaket er varmepumpe. Det var mange som installerte solceller våren 2023, men det var mindre interesse mot slutten av året.

Søknad om støtte til etterisolering og skifte av vindauge tok seg opp på hausten.

Suldal kommune blei kåra til årets solkommune i 2023. Suldal kommune produserer 630 watt solkraft per innbyggjar. Dette er i verdstoppen og til stor forskjell for gjennomsnittet i Noreg som er 60 watt per innbyggjar.

Til no har det blitt gitt støtte til 1601 tiltak; 1519 private tiltak og 82 næringstiltak. Av

tiltak i privat regi har 550 tiltak vore til hytter og fritidsbustad. For dei spesielt interesserte så kan me nemne at 484 av 550 hyttetiltak er gjort av hyttesuldølen (busett i anna kommune).

Søknadene kjem inn digitalt og mykje av sakshandsaminga er automatisert. Kvar søknad tek likevel sakshandsamingstid. Det har vore ein del behov for bistand til å søkja. Andre søker om ting det ikkje er teke høgde for, så det har vore behov for å konkretisera retningslinene undervegs. Kommunedirektøren estimerer at medgått ressursbruk er 0,5-1,0 årsverk. Tiltaket er gjennomført innan gjeldande ramme. Ordninga er tillitsbasert. I 2024 vil kommunen gjennomføra stikkprøvekontroll for å sjekka om ting er gjort slik det er søkt om.

Tiltak	Utbetalt*	Tal	Gjennomsnitt
Solcelle private	4 691 737	66	71 087
Varmepumpe privat	17 016 700	1 086	15 669
Isolering og skifte av vindauge privat	3 047 470	130	23 442
Luft til Vann privat	1 623 831	33	49 207
Reintbrennande omn privat	2 419 206	185	13 077
Andre tiltak privat	448 873	19	23 625
Sum privat	29 247 817	1 519	19 255
Solcelle næring	2 621 400	28	93 621
Varmepumpe næring	669 529	34	19 692
Isolering og skifte av vindauge næring	700 400	9	77 822
Andre tiltak næring	1 072 922	11	97 538
Sum næring	5 064 251	82	61 759
Totalsum	34 312 068	1 601	21 432

**summen vil avvike noko frå rekneskapen då sakshandsamingssystemet ikkje tar med seg endringar i etterkant av tilrådinga.*

Straumstøtte til næringslivet

Suldal kommune dekker 90% av straumkostnaden over 70øre/kwh for næringslivet. Søknadene kjem inn digitalt. Straumprisen var vesentleg lågare i 2023 enn i 2022. I 3. kvartal 2023 var straumprisen under 70øre/kwh.

Utbetalt kr	1kv	2kv	3kv	4kv	Totalt
2022	1 256 921	1 289 307	3 225 931	1 772 472	7 544 631
2023	912 373	180 063	0	361 383	1 453 819
Søknader innvilga	1kv	2kv	3kv	4kv	
2022	56	62	72	69	
2023	50	34	0	61	

Innkjøp

Under finn ein oversikt over større kjøp. Bank, forsikring, straum og kjøp i frå kommunar og IKS er haldne utanfor.

Leverandør	Beløp	Antall	Kva (hovudkjøp)
CONSTO ROGALAND AS	148 672 026	205	Entreprenør sjukeheimen og Ryggjatun
BRØDRENE SELVIK AS	14 850 332	41	Entreprenør Sandaneset, Jelsa
UNDHEIM MASKIN AS	14 750 000	32	Entreprenør Bekkjatorget
ODEL OG EIE AS (KV Bygg Prosjekt)	8 713 842	4 + 1	Leilegheiter Eide + Stølane
OMEGA AREAL AS	8 322 357	261	Prosjektering
DUSTIN NORWAY AS	6 070 990	176	Pc med meir
KLUNGTVEIT SVEIN AS	5 857 044	109	Slam, brøyting mm
TRÆGÅRDEN MASKINSTASJON AS	5 083 994	35	Brøyting
FISKÅ MASKIN AS	4 029 169	6	Kjølvik sjøleidning
RYFYLKE ELEKTRO AS	3 422 389	286	Elektrikar
CARELINK NORDEN	3 346 588	25	Helse
KJOSAVIK EMBALLASJE VEST	3 085 854	896	Kontor og med mat
NORDLYS VIKAR AS	2 743 500	19	Helse
KOLUMBUS AS	2 714 716	41	Transporttjenester
NCC INDUSTRY AS	2 691 597	4	Asfalt
KONSTALI HELSENOR AS	1 914 742	16	Helse
ARVAL AS	1 764 643	148	Leasing bil
OPTIMERA AS	1 757 322	579	Diverse bygg
RYSTEG AS	1 743 744	135	Jobbmuligheter
BG SULDAL AS	1 588 833	6	Entreprenør Gullingen
NORICOM SPRÅKTJENESTER AS	1 519 893	147	Språktenester
HAMSTAD A/S	1 464 763	54	Ventilasjon og klimatekniske
CRAMO AS	1 430 105	15	Brakker Ryggjatun
IVAR NÆRING AS	1 368 094	425	Renovasjon
J-A-M INVEST AS	1 152 000	13	Medical practice
KV BYGG SULDAL AS	1 057 299	35	Byggearbeid og teknisk



Foto: Fotograf Elisabeth Bjørkhaug

POLITIKK OG ORGANISASJON

Politisk verksemd

Det politiske året 2023 har vore prega av kommunestyreval. 02. oktober vart nytt kommunestyre konstituert etter kommunestyrevalet 11. September. Suldal kommune har tradisjonelt hatt høg valdeltaking ved kommune- og fylkestingsval, og utmerka seg også dette valet med ei

Lokaldemokratiprojekt

Suldal vart i 2022 valt ut som føregangskommune på lokaldemokrati saman med 6 andre norske kommunar. Prosjektgruppa har arbeidd for å forbetra nærdemokratiet i Suldal gjennom tre område:

- Styrke grendeutvalsordninga
- Styrke den digitale kontakten med innbyggjarane
- Styrke den fysiske kontakten med Innbyggjarane

I løpet av 2023 var prosjektgruppa ute i alle sju grendeutvala. På bakgrunn av arbeidet er det gjort fleire endringar for grendeutvala,

valdeltaking på 76.4 %, som var 20. høgast av Noregs 356 kommunar. Det tyder på at lokaldemokratiet i Suldal er robust og at det er stort lokaldemokratisk engasjement. Dette gir kommunestyret ei god legitimitet inn i sine verv.

blant anna er det gjort store grep for betre informasjonsflyt, og det er eit politisk medlem frå kommunestyret med i alle grendeutval frå 2024.


For å styrke digital og fysisk medverknad har Suldal kommune innført strøyming av hovudutval - og formannskapsmøte. Det er teke i bruk infoskjermar i alle grender og det er brukt medverknadsforma Gjestebod til den politiske saka Framtidas oppvekst, med slagordet "meininga di for ein pizza". Prosjektet skal avsluttast i 2024 med ein nasjonal konferanse for alle landets kommunar, og kommunaldepartementet skal utarbeida ei inspirasjonsborsjyre med tiltaka som dei sju kommunane har prøvd ut.

Foto: Suldal kommune. På tur med lokaldemokratiprojektet, og sommaravslutning for politikarane, ved Jelsa hotell



Større saker organisasjonen har jobba med

Krysspunkt 2025



Endra utgiftsbehov demografi – Suldal kommune 2022-2032 (målt ved inngongen til det enkelte år)

I framskrive rammetilskot basert på endring i utgiftsbehov ser ein at ein ikkje vil få nokon auke i rammetilskot frå staten, heller ein liten nedgang dei første åra. Framskrivne data syner at ein vil få lågare rammetilskot for barn i barnehage- og grunnskulealder og meir knytt til dei som er 67 år og eldre. Dette krev at ein flyttar ressursar frå oppvekst til omsorg i tida som kjem.

Med bakgrunn i dette vart det i starten av 2022 sett saman ei arbeidsgruppe som skulle sjå på korleis kommunen skulle rusta seg for dei framskrivne demografiske endringane som syner at det vil bli færre barn i barnehage- og grunnskulealder og fleire eldre frå og med 2025. Gruppa har arbeidd fram grunnlagsdata til hjelp i dette arbeidet:

- Tilsette i oppvekst som har helsefagleg kompetanse
- Tilsette mellom 62 og 67 år i oppvekst og kva type stillingar desse har
- Tilsette mellom 62 og 67 år i omsorg og kva type stillingar desse har
- Befolkningsframskriving med tal born i barnehagealder, grunnskulealder, eldre i gruppa 67-79 år, 80-89 år og over 90 år.
- Tal fødselar historisk og framskrivne tal
- Historiske tal knytt til tal barnehageplassar dei tre siste åra
- Tal elevar i barneskule i inneverande økonomiplanperiode
- Tal elevar i ungdomsskule i inneverande økonomiplanperiode
- «Rutine for ned bemanning»

Framtidas oppvekst

Parallelt med dette blei det arbeid med sak om Framtidas oppvekst. Her har ein hatt ein god og open prosess med brei involvering frå elevar, føresette og tilsette. I saka var det lagt vekt på å sikra ein berekraftig barnehage og skulestruktur og eit godt fagleg og sosialt barnehage og skulemiljø. Det vart peikt på utfordringar med dagens barnehage og skulestruktur og drøfta måtar å møta desse utfordringar på.

Vedtaket i saka kom i desember 2023 og punkta nedanfor påverkar det vidare arbeidet med krysspunkt 2025:

- Vanvik oppvekstsenter avd. skule vert avvikla frå 1. august 2024. Suldal kommune kjøper skuleplassar i Sauda kommune.
- Ungdomstrinnet (8.-10. trinn) på Nesflaten oppvekstsenter vert flytta til Sand skule frå og med august 2024 med prøvetid fram til hausten 2026.
- Suldal kommune skal frå og med 2027 ikkje ha udelte skular
- Alle skular skal frå og med 2026 ha minst 60% pedagogdekning.
- Dersom enkelte skular over tid ikkje når måla med tanke på elevtal og kvalifisert arbeidskraft, skal kommunedirektøren koma tilbake til kommunestyret med ei sak om korleis ein kan leggja om drifta for å sikra dette.
- Vanvik oppvekstsenter avd. barnehage og SFO blir ei avdeling under Kjølvikstølen barnehage som ei varig ordning. Frå og med barnehageåret 2025 vert barnehagen avvikla. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for å starta opp barnehagetilbodet igjen.
- Nesflaten oppvekstsenter avd. barnehage vert ei avdeling under Vinjar barnehage frå og med 1. august 2025. Dette vert ei prøveordning i 2 år. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for at avdelinga skal vera i drift.
- Kommunedirektøren legg fram ein barnehage og skulebruksplan innan 2026 om ny barnehage og skulestruktur, kor ny ungdomsskule på Sand og oppvekstsenter på Kjølvikstølen vart ein del av planen.

Framtidas offentlege tenester

Framtidas offentlege tenester vil skje med færre hender. Både lokalt og nasjonalt vil det bli større konkurranse om kompetanse, og dette vil utfordra tenestekvaliteten for innbyggjarane.

Kompetanse hos tilsette er grunnleggjande for kvaliteten i tenestene våre.

Leiarrolla

Å vera leiar, er ei spennande og krevjande rolle. Oppgåvene er mange, og rolla er i utvikling både lokalt og nasjonalt. Leiarane har delegert mynde innanfor økonomi, personal og fagutvikling. Dei har stor grad av fridom til å løyse oppgåvene innan fastsette mål og rammer. Dei siste åra har det det vore stor utskifting av leiarar, særleg innan oppvekst, og arbeidet med å rekruttera har vore omfattande og ressurskrevjande.

Krav til kompetanse

I barnehage og skule er det krav til kompetanse for tilsetjing og undervisning. Det er ikkje nok tilsette lærarar i oppvekst for å oppfylle kompetansekrava. Det gjer at tilsette med annan kompetanse vert tilsett mellombels i stillingar som lærar. Dette er i stor grad fagarbeidarar med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget. I saka om Framtidas oppvekst vart det gjort greie for måtar å organisera barnehagane og skulane slik at ein i større grad får oppfylt krava om kompetanse.

Behov for 30 nye årsverk i omsorg

Innan 2030 vil omsorg i Suldal trenge om lag 30 nye årsverk dersom dei demografiske framskrivingane blir ein realitet. Helse og velferd har difor starta arbeid med å sjå på korleis arbeidsoppgåvene blir utført. Her må ein tenke arbeidsflyt ved å nytte rett kompetanse på rett plass. Det er utfordrande å få rekruttert nok fagkompetanse og difor må den kompetansen kommunen har nyttast rett. Dette arbeidet har føregått i lag med tilsette og tillitsvalde og oppdraget har vore å sjå på ny organisering i tenesta. Arbeidet vil forsetje i 2024.

Færre hender

Realiteten med færre hender er ei stor utfordring i drifta. Sjukefråvær og permisjonar kombinert med få eller ingen vikarar gjer kvardagen meir krevjande. Leiarar kjenner på krysspresset med å organisera og tilpassa

kvardagen til beste for brukarane, barn og unge samtidig som dei skal ta i vare tilsette, sjølv vera vikar, gjera administrative oppgåver og sørgja for kvalitet i tråd med gjeldande lov og planverk.

Tilsette under utdanning

I organisasjonen er det nå fleire som tek utdanningar som det er stort behov for slik som, barnehagelærarar, grunnskulelærarar, vernepleiar og sjukepleiar. Dei som tek desse utdanningane har fått støtteordninga frå Suldal kommune og eks Utdanningsdirektoratet

Intervall legar

Suldal har over fleire år hatt 3 legestillingar vakante og har måtte nytta dyre vikarbyrå for å dekkje tenesta. I godt samarbeid med Legeforeninga vart ein samde om å tenkje nytt. Utlysing av intervall legar i 2023 førte til over 20 søkarar til stillingane, 4 vart tilsette. Legane har 2 veker oppmøte i Suldal med utvida arbeidstid. I dei 4 vekene dei er borte frå Suldal utfører dei fastlege oppgåver knytt til sine pasientar. Det har vore ei tydeleg forventning frå arbeidsgivar om auke i pasientlister som aukar tilgangen på lege for innbyggjarane.

LEAN

Suldal kommune er ein LEAN-kommune, noko som påverkar alle nivå av drifta gjennom forbetringar og endra arbeidsmetodar. Dette forbetringsarbeidet har som mål å skapa enda betre tenester for brukarane. Arbeidet påverkar òg arbeidsmiljøet i kommunen ved at tilsette får meir flyt i arbeidsoppgåvene sine og ein betre arbeidskvardag. I 2023 er det 2 puljer som har gjennomført LEAN-skulen. 3.pulje gjennomfører no LEAN-skulen første halvår, medan 4.pulje gjennomfører siste halvår 2024.

LEAN-skulen går over 6 fysiske kursdagar, med digital oppfølging av kurshaldar mellom samlingane. Etter LEAN-skulen vert einingane følgt opp av Lean-forum som lokal ressurs, LEAN-forum skal vera tilgjengelege som ressurs for dei tilsette og gi rettleiing og støtte i samband med implementeringa av Lean-prinsippa. Med dette er det meint at LEAN-forum skal svara på spørsmål, gi råd om metodar og verktøy, og å hjelpa til med å løysa eventuelle utfordringar som oppstår undervegs.

Foto: Suldal kommune. Suldal heimetenester og Helse i LEAN-arbeid



Tilsyn og forvaltningsrevisjon

Tilsyn	Forvaltningsrevisjon	Status 2023
Økonomi og Organisasjon		
Arbeidstilsynet		Løns- og arbeidsvilkår i bygge- og anleggskontraktar. 4 pålegg som er sendt svar på - ikkje lukka enno.
Arkivverket		Tilsynet hadde fokus på arkivorganisering og elektronisk arkivdanning, mellom anna arkivplan, journalføring og fagsystem. 7 avvik. Alle avvika er ikkje lukka enno
Oppvekst		
	Førebygging og tidleg innsats i Suldal kommune	Innsamling av data
Tilsyn frå Statsforvaltaren på skulemiljø og internkontroll		Avvik lukka
Helse og Velferd		
Suldal heimetenester har hatt tilsyn i regi av Haugaland- brann og redning.	Det vart avdekka små bygg-tekniske avvik	Avviket er ikkje lukka enno
Helse har hatt eit tilsyn av Statsforvaltar i Rogaland	Pasientsak	Avviket er ikkje lukka enno
Kultur- og samfunnsutvikling		
Medietilsynet på kino		Korleis blir aldersgrensene handheva - lukka
Mattilsynet		Kiosk og kjøkken Suldal bad – lukka
		VA-avdelinga, råvassskjelde og inntak - lukka
		Skriftlege rutinar oppdatering av ROS - lukka
Haugaland Brann og redning		Direktevarsling og manglande brannokumentasjon på gamle bygg – ikkje lukka

Foto: Suldal kommune. Sand skule presenterer sitt LEAN-arbeid, gode utviklingssamtalar



Nye tverrfaglege samarbeid

- Nav er med i «Alle skal med» prosjektet via Statsforvaltar i Rogaland.
- Strukturerte tverrfaglege oppfølgingsteam vart avslutta som pilot desember 2023 og piloten har ført til nye «samarbeidsfora», både interne og regionalt.
- Samarbeid bibliotek og helsestasjon om Lesekalenderen, støtta av Sparebanken Vest.
- Det er undertekna ny kontrakt med Statsforvaltaren i Agder som gjer at kommunen fortset som sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet
- Kjøp av tenester forebyggjande brann og redning frå Haugaland Brann og redning, ogbrannmeister frå Sauda Brann og redning.

Likestilling, diskriminering, heiltid og deltid

- Suldal kommune skal ha reell likestilling når det gjeld lik løn for arbeid av lik funksjon, kompetanse og utdanning. Heile stillinga er ein føresetnad for dette.
- Kommunestyret har i 2020 vedteke heiltidserklæring som organisasjonen arbeider etter.

Talet på heile stillingar har auka frå 2019 kor det var 29 % heiltidsstillingar til 49 % i 2023.

For tilsette som går i turnus er det 27 % som har heiltid. Kommunedirektøren forventar å sjå ei auke i talet som følgja av årsturnus i Helse og velferd.

- I Suldal kommune er det ein gjennomsnittleg stillingsstorleik på 80 %.
- Strategisk leiargruppe er sett saman av kommunedirektør og 4 kommunalsjefar der 3 er kvinner og 2 er menn.
- Det er 23 einingar. Av einingsleiarar finn me 6 menn og 17 kvinner. Fleirtalet av kvinner i leiinga speglar talet på kvinner i organisasjonen.
- Tabellen under viser skilnad på løn mellom kvinner og menn i Suldal kommune dei 3 siste åra. Det har vore ei forbetring sidan 2021. Gjennomsnittet for landet ligg på 95,0% i grunnløn. Suldal ligg om lag likt med landsgjennomsnittet for kommunal forvaltning når det lønsskilnad mellom menn og kvinner. Når ein justerer for stillingskode og gruppe ser ein at talet aukar til 99,2% og 98,2%, samtidig er målet at dette talet skal liggja på 100 %. Tala er relativt stabile i Suldal kommune.

Kvinner si løn i prosent av menn si løn*

Justert for	År 2021		År 2022		År 2023	
	Månadsløn	Grunnløn	Månadsløn	Grunnløn	Månadsløn	Grunnløn
Ujustert	90,7	91,1	94,5	92,6	95,2	93,9
Alder	90,7	91,1	94,5	92,6	95,2	93,9
Stillingsgruppe	96,3	98,1	99,5	98,3	99,8	99,2
Stillingskode	95,4	98,0	99,1	99,0	99,0	98,8
Utdanning	93,4	96,2	100,1	99,9	96,2	96,5

*PAI-statistikk 2023. Tala viser kva kvinner tener av menn si løn, gitt av det er like mange årsverk med menn og kvinner. Best mål på kjønnsforskjeller i løn er tala som er justert for stillingsgruppe og stillingskode, sidan dei held utanfor forskjell som skuldast ulike yrkesval.

Arbeidsmiljø

Suldal kommune arbeider for å sikre godt arbeidsmiljø gjennom fleire tiltak:

- Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har evaluert arbeidet sitt og gjer nokre endringar. Evalueringa har blant anna inkludert ein gjennomgang og prioritering av kva føremålet og mandatet til AMU er i Suldal kommune.
- AMU er velferdsutval i kommunen. Årleg vert det laga eigen plan med ulike aktivitetar som tilsette kan vera med på.
- Suldal nyttar medarbeidarundersøkinga 10-faktor jamleg for å kartlegga og arbeida med arbeidsmiljø.
- I samband med innføring av Suldal kommune som LEAN-kommune har kommunedirektøren implementert ei «Kollegalov». Målet med dette prosjektet er å bygga felles organisasjonskultur som aukar arbeidsglede og trivsel i einingane.
- Rapportering og oppfølging av uønska hendingar og avvik er del av internkontrollsystemet.
- Sjukefråværsstatistikk, førebygging og oppfølging av sjukefråvær vert jamleg rapportert til ADMU og AMU.

- Det er egne rutinar for handtering av alvorlege konflikhtar, mobbing og trakassering.
- Alle tilsette som har over 60 % stilling skal ha tilbod om årleg medarbeidersamtale.

Etisk standard

Suldal kommune skal ha høg etisk standard. For å sikre dette har kommunen fleire tiltak:

- Det skal vera enkelt å varsle om kritikkverdige forhold. Varslingsplakat og informasjon om varslingslogg ligg lett tilgjengeleg på intranett og i internkontrollsystemet.
- Suldal kommune har etiske retningslinjer for både tilsette og folkevalde.
- I opplæringa av folkevalde blir det teke opp tema som rolleforståing og habilitet.
- I 2023 har det vore eit auka fokus på å nytta FN sine berekraftsmål som ei rettesnor for leiarar i kommunen.

Foto: Suldal kommune. Organisasjon og innbyggarkontakt jobbar med arbeidsmiljø og nytt mandat.



Sjukefråvær

Sjukefråværet gjekk ned i 2023 i høve til tidlegare år. Dette er eit resultat av målretta arbeid som inkluderer:

- Sjukefråværsprosjekt i samarbeid med NAV arbeidslivssenter på 2 einingar.
- Styrking av IA-utvalet til kommunen. IA-utvalet har faste møtepunkt og aukar samarbeidet med NAV arbeidslivssenter.
- Bruk av BHT, både systematisk og individuelle tiltak. Kommunen gjekk


inn i avtale med ny BTH. Ny leverandør er Falck bedriftshelseteneste.

- Eigne retningslinjer for førebygging og oppfølging av sjukefråvær.
- Suldal kommune har retningslinjer for seniortiltak som blant anna har som mål å redusere sjukefråvær. Det er planlagt å oppdatere retningslinjene med andre livsfasetiltak.
- HR gir leiarstøtte i sjukefråværsaker og deltek på dialogmøte 2.

Totalt

Sjukefråværet totalt var på 6,7% i 2023 mot 7,6% i 2022. Målet er å kome under 6,5%.


I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger



Administrasjonen


Sjukefråværet i administrasjonen var på 5,6% i 2023 mot 5,2% i 2022.

I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger




Oppvekst

Sjukefråværet i oppvekst var på 6,1% i 2023 mot 7,8% i 2022.




Helse og velferd

Sjukefråværet i helse og velferd var på 7,5% i 2023 mot 8,5% i 2022.



Kultur og samfunn

Sjukefråværet i kultur og samfunn var på 6,5% i 2023 mot 5,6% i 2022.



Driftsprosjekt 2023

Namn på prosjekt	Kort omtale av prosjektet	Kven deltek Einingar, Staten, Fylkeskommune Andre	Tidsrom for prosjektet	Prosjektmidlar Kommunale Eksterne
ØKONOMI OG ORGANISASJON				
Kommunestyre- og fylkestingsval	Val, inkludert førehandsstemming og valting	Valdirektoratet, valstyret, røystestyre, IT	Juni - Sept	Gjennomført
Lokaldemokratiet i foregangskommunar	Føregangskommune på lokaldemokrati. Prosjektet er starta opp, frå august med prosjektstilling 20%. Ikkje prosjektstilling frå og med 2023.	Kommunar: Suldal, Lørenskog, Bergen, Vadsø, Gjøvik, Sunnfjord, Bodø.	2022-2024	Pågår
Digital kompetanse	Tilby digital opplæring til innbyggjarar utan tilstrekkeleg kompetanse til å klare ein digital kvardag	Ulike einingar	dd – 2024	Pågår
Ryfylkemodellen distriktsvenleg sjukepleieutdanning i Ryfylke	Forsøk der ein prøver ut fleksibel og distriktsvennleg bachelor-utdanning innan sjukepleie.	Kommunane Suldal, Sauda, Strand og Hjelmeland. UiS. Ryfylke IKS.	2022-2025	Pågår
OPPVEKST				
Oppsetting av grindbygg på skuleområdet	Er med i kommunen sitt Handlingsprogram	Sand sanitetsforeining Folkehelse-midlar	I løpet av 2021	Gjennomført
Læringsmiljø	Læringsmiljø fådelt skular arbeidarar med motivasjon, lærelyst og medverknad.	Marvik, Jelsa og Nesflaten Samarbeid med HVL	Aug 2021-juni 2023	Gjennomført
Kompetanse for kvalitet	Vidareutdanning for lærarar i grunnskulen.	Staten		Pågår
Kompetanseløftet	Kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis	Andre kommunar HVL	2021-24	Pågår
Rekrutteringstiltak Utd. barnehage- lærar	3 fagarbeidarar tar barnehagelærarutdanning etter ny pedagognorm	Kommunen og HVL	2023-2026 Ferdig vår 2026	Pågår
LOS prosjektet	Støtte og oppfølging - og losfunksjon for ungdom Eigenfinansiering tilsvarende tilskotet		Sept 2021-2024	Pågår
HELSE OG VELFERD				
Partnerskap Folkehelse	Hensikta med partnerskapet er å samordna folkehelsearbeidet i	Suldal kommune Rogaland fylkeskommune		Pågår

	Rogaland og bidra til å nå hovudmåla om å fremja god helse og utjamna sosiale helseforskjellar			
Oppfølgings-team	Pilotprosjekt for implementering av Oppfølgingsteam for personar med store og samansette behov.	I regi av Helsedirektoratet	2018-2021 og forlenga 2021-2023	Gjennomført
ALIS Vest	Støtte til allmennlege i spesialisering.	Administrert av Bergen kommune, Midlar frå Statsforvaltar.	2020-2025	Pågår
Styrking av helse- og skulehelse-tenesta	Auke i bemanning for å kunne sikra tilgang og betra kvaliteten på tenestene	Helsedirektoratet	2021- 2023	Gjennomført
Kommunalt rusarbeid	Styrking av førebyggjande arbeid for barn og unge. Målet er å hjelpa sårbare barn og unge så tidleg at ein førebyggjer framtidige rusutfordringar	Statsforvaltaren i Rogaland	2021-2024	Pågår
Det handlar om meg – del 2	Utvikle ei brukarundersøking med visuell og auditiv støtte	Sauda kommune Vindafjord kommune Tysvær kommune ISpe/Helse Fonna	2021-2023	Gjennomført i dei andre kommunane, Suldal valde å gå ut av prosjektet gå gevinsten vart for liten.
Styrking av legevakt i distrikta	Rekruttering og styring	Helsedirektoratet har gitt tilsegn	2022 2023	Gjennomført
Styrking av psykisk helse	Auke av tenestetilbodet under pandemien	Helsedirektoratet	2022	Gjennomført
KULTUR- OG SAMFUNNSUTVIKLING				
Ryfylke vassområde	Forvaltning av vassressursane i Ryfylke	Ryfylke-kommunane Fylkes-kommunen	Ikkje tids-avgrensa	Pågår (Kommunane og Fylkeskommunen)
Villrein-nemnda	Sekretariat for villreinnemnda Setesdal- Ryfylke	Statsforvaltarane	Ikkje tids-avgrensa	Pågår (Statsforvaltaren i Agder)
Aktiv formidling: Midlar 2022 til fire prosjekt i -Videoboktips -Bærekrafts- bibliotek -Lesarservice -Digital kompetanse	Videoboktips: Som i 2021 for ungdom i samarbeid med Kulturskulen. Bærekraftsbibliotek i samarbeid med speidarane. Lesarservice: Presentasjon	Nasjonalbiblioteket: Felles søknad med fylkesbiblioteket fordelt på fleire prosjekt i	Kvart år, heile året	Nasjonalbiblioteket med fylkesbiblioteket som samordnar

	av bøker på ulike plattformer. 5 samlingar for å auka digital kompetanse for eldre og andre grupper, samarbeid med Frivilligsentralen.	kommunar som søker.		
Aktivitetssenter for seniorar	Oppretta eit innhaldsrikt og meningsfylt aktivitetstilbod for seniorar som motverkar einsemd og passivitet	Helse-direktoratet	2020 Godkjent overført til 2021-22, men ikkje til 2023	350.000 Eksterne midlar. Tilbakeført: fekk ikkje overført tilskotet lenger, heller ikkje omdisponert til andre tiltak i aktivitetssenter , blei utsett pga koron
Kulturhaust i Ryfylke	Årleg felles kulturprogram for fire Ryfylke-kommunar	Strand, Hjelmeland, Sauda og Suldal	Kvart år august – desember	Kr 100 000 frå Ryfylkefondet (Fylkeskommunen støttar 2. kvart år i 2024.)
Kommune-plan	Revisjon av arealdel og samfunnsdel. Kommuneplanen er vedteken av kommunestyret.	Suldal kommune	2020-2022 2023	Gjennomført
Heis	Nye heisar på Bjødnateigen og Kommunehuset	Suldal kommune	2022 og ferdigstilling i 2023.	Gjennomført
Moglegheitsutviklar	I behandlinga av 2. tertial i 2023 blei det vedtatt å etablera ei prosjekt stilling på 2 år for å jobba med dei store industrietableringane på Jelsa og i øvre Suldal.	Suldal kommune	24-25	Stillinga vart lyst ut i samarbeid med Personallhuset i romjula 2023



TILBAKEMELDING PÅ HANDLINGSPROGRAMMET

Handlingsprogrammet følgjer opp måla og strategiane som er satt i “Kommuneplan for Suldal kommune 2015-2024”.

- Gul farge viser til målsetjingane i kommuneplanen
- Grøn farge er utførte tiltak for året, nokon av desse tiltaka er likevel kontinuerlege
- Oransje farge er tiltak som er under arbeid men ikkje kan kategoriserast som utført
- Raud farge er ikkje utførte tiltak

1. Å leva, bu og trivast

1.1. Mål: Alle barn og unge i Suldal skal kvar dag oppleva meistring i eit inkluderande og trygt oppvekstmiljø som fremjar livslang læring.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
1.1.1 Ruste barn og unge for å takle kvardagslivets livets små og store utfordringar	1.1.1.1 Det vert sett av pengar til sosiallærerressurs i barneskulen, 50% stilling fordelt på alle einingane. Kr 375 000;- år. Ressursen vert teken i bruk ved oppstart av skuleåret 23/24 Finansierast ved bruk av disposisjonsfond i 2023, og ved mindre overføringar til investering.	Gjennomført
	1.1.1.2 Skulemåltid. Greia ut kva form eit fast, dagleg skulemåltid i Suldalsskulane bør ha. Vidare undersøkje kostnader og eventuelle byggtekniske tilhøve som må til for å etablere tiltaket.	Pågår
1.1.2 Ha fokus på førebygging og tidleg, tverrfagleg innsats for barn og unge som møter utfordringar, BTI modellen (betre, tverrfagleg innsats)		
1.1.3 Prioritere å ha lett tilgang til psykiske helsetenester for alle, men med spesielt fokus på barn og unge		
1.1.4 Framtidas oppvekst – Gi barnehage- og skuletilbod som gjer at barn og unge trygt kan møte framtidige krav og forventningar i samfunnet.	1.1.4.1 Opplæring i digital kunnskap og bruk av digitale verktøy i barnehage	Pågår
	1.1.4.2 Nye læreverk Suldalsskulen, både bøker og digitale. Flytta alle midlane til 2023, 0,8 millionar. Finansiering frå disposisjonsfond.	Gjennomført
	1.1.4.3 Skaparverkstad, ein læringsarena for 1. – 10. klasse.	Pågår

	1.1.4.4 Erfjord skule, oppgradering av inventar og utstyr	Gjennomført
	1.1.4.5 Vurdere ny organisering av leiingsmodell i oppvekst. Må sjåast i samanheng med «Framtidas oppvekst»	Gjennomført
1.1.5 Skapa likeverdige og inkluderande utviklings- og læringsmiljø i barnehage og skole	1.1.5.1 Legge til rette for å forska på eigen praksis	Gjennomført Lagt til rette for og fått off.phd i oppvekst.
1.1.6 Ha gode rutinar for medverknad frå barn og unge	1.1.6.1 Barn og unge skal bli involvert og medverka til si eiga utvikling i barnehage og skule.	Pågår
1.1.7 Legge til rette for gode fritidstilbod for ungdom, mellom anna gjennom å støtte idrettslag, foreiningar og andre frivillige som jobbar med barn og unge		
1.1.8 Legge til rette for at alle barn og unge har høve til å delta i fritidsaktivitetar		
1.1.9 Auka kompetansen til dei vaksne (føresette og tilsette) i eit system som fremmer trygge, robuste barn og unge.	1.1.9.1 Gjennomføra kompetanseløftet - eit tverrfagleg tiltak for at tilsette i barnehage, skular og laget rundt barnet skal gi eit godt tilpassa og inkluderande tilbod.	Er starta opp med tre tiltak: 1. Pilot Erfjord skule "Inkluderande fellesskap" 2. Lage plan for overgang barneskule til ungdomskule i saman med Sauda og Høgskule Vestlandet 3. Starta opp med ombordstigingskurs for nytilsette i saman med Sauda kommune

1.2. Mål: Suldal skal vera ein god plass å leve heile livet

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
1.2.1 Sikre gode helse- og omsorgstenester til alle innbyggjarar	1.2.1.1 Gjennomføra reforma "Leve hele livet" både på system- og brukarnivå.	Gjennomført
	1.2.1.2 Ha prosjektkoordinator i arbeidet med framtidens omsorg (INV)	Gjennomført
	1.2.1.3 Nybygg Kriesenteret Vest, Suldal sin del	Pågår
	1.2.1.4 Velferdsteknologi (INV) Driftskonsekvens	Gjennomført Budsjettert
	1.2.1.5 Vurdera korleis BPA ordning skal organiserast i Suldal kommune	Gjennomført
	1.2.1.6 Helsefagarbeidar natt som i løpet av 2023 vil bli ein del av BPA ordninga	Gjennomført
1.2.2 Legge til rette for at innbyggjarar kan ta gode val for eigne liv	1.2.2.1 Prosjektstilling med statleg støtte for å gjennomføra ein 4 års periode for å styrka arbeidet med familiar knytt til rus.	2024
1.2.3 Sikra fullverdige liv gjennom tilrettelegging for gode kulturopplevingar, fysisk aktivitet og rekreasjon		
1.2.4 Ha fokus på å få innbyggjarar med god helsekompetanse kring eigen helsesituasjon	1.2.4.1 Auka fokus på Frisklivsentralen sine tenester	Gjennomført
1.2.5 Arbeida tverr sektorielt for å sikre rette tenester med fokus på god innbyggjarinvolvering	1.2.5.1 Auka fokus på psykiske helseutfordringar for barn og unge. Samordna tenester innan all psykisk helse og rus til heimebaserte tenester for å jobba heilskapleg og satse på førebygging.	Gjennomført
1.2.6 Legge til rette for kvardagsmeistring, førebyggjande aktivitetar og at dei som ønsker det kan bu heime.	1.2.6.1 Nytte kvardagsmeistring for å for å rusta innbyggjarane til å koma raskt tilbake etter fall i helsetilstand.	Gjennomført
1.2.7 Bruke velferdsteknologi i tenestene for å gi innbyggjarane auka livskvalitet og for å auke	1.2.7.1 Innføre Digi Helsestasjon, velferdsteknologisk	Pågår

kommunen sin omsorgskapasitet.	knutepunkt og velferdsteknologi for barn.	
1.2.8 Tilpasse tenestetilbodet med omsyn til folketalsutviklinga	1.2.8.1 Tilpassa drifta med omsyn til nedgang i barnetal. Dette vil å ein sjå i samanheng med sak om "Framtidas oppvekst" Stryk forslag til innsparing i 2023 med 1 mill. i oppvekstsektoren. Finansierast frå disposisjonsfondet.	Gjennomført
	1.2.8.2 Starta opp arbeidet med å organisera tenestene på nye måtar i tråd med framskriven nedgang i barnetal og auke i tal eldre. Sikre godt vurderingsgrunnlag for arbeidet.	Pågår
	1.2.8.3 Med inntaksstopp før bygging av ny sjukeheim og mindre tal plassar under byggjeperioden (frå 54 til 47 plassar), må ein sjå på fordelinga av ressursar	Gjennomført
1.2.9 Leggja til rette for eit aldersvennleg samfunn		

1.3. Mål: Suldal skal vere ein open og inkluderande kommune der alle kan føle seg heime

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
1.3.1 Legge til rette for gode møteplassar på tvers av generasjonar og kulturar og funksjonsevne		
1.3.2 Legge prinsippa for universell utforming til grunn for samfunnsutviklinga		
1.3.3 Sikre deltaking for alle uavhengig av økonomi	1.3.3.1 Marknadsføra ordninga med frilager.	Gjennomført
1.3.4 Styrke arenaer for sosial inkludering som stimulerer til samfunnsdeltaking	1.3.4.1 Arbeida for å få busett nye flyktningar kvart år. Suldal kommune kan ta imot inntil 20 flyktningar kvart år. Det er lagt opp til 10 flyktningar kvart år i økonomiplanperioden.	Gjennomført Eige vedtak om å ta imot 90 flyktningar

1.4. Mål: Suldal skal ha aktive innbyggjarar som deltek i utviklinga av eige lokalsamfunn

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
1.4.1 Bygge sterke nettverk mellom vaksne som saman støtter barn, unge og kvarandre i kvardagen		
1.4.2 Legge til rette for eit rikt organisasjonsliv		
1.4.3 Aktivt støtte og nytte det frivillige arbeidet i kommunen		
1.4.4 Styrka lokaldemokratiet gjennom å nytte grendautvala og politiske råd for å få god medverknad	1.4.4.1 Delta i og få nye tankar gjennom prosjekt Lokaldemokrati saman med andre utvalde kommunar.	Pågår
1.4.5 Styrka kontakten mellom innbyggerane og kommunen for saman å kunne utvikle eit godt samfunn	1.4.5.1 Innbyggjarundersøking	2024
	1.4.5.2 Utvida tilbodet med førehandsrøysting i grendene.	Gjennomført
1.4.5 Engasjere hyttesuldølen til aktiv deltaking i lokalsamfunnet		

1.5. Mål: Suldal skal vere ein spydspiss i kulturlivet i regionen med fokus på kvalitet, breidde og mangfald

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
1.5.1 Utvikle satsing på basistilbod innan idrett og kultur	1.5.1.1 Revidera idrettspolitisk handlingsplan	Ikkje starta - planlagt 24
	1.5.1.2 Ny kinomaskin og nytt lydanlegg på Kulturhuset.	2024
	Prestavikjo – eit nærmiljøanlegg for alle sjå tiltak 2.1.7.8	Under arbeid, i regi av Suldal idrettslag
	Nærmiljøanlegg ved Suldal bad Sjå tiltak 2.1.7.9	Under arbeid. Ny vurdering av plassering, tiltenkt tomt tatt i bruk til transformator til Rygjatun
1.5.2 Utvikla nye og eksisterande arenaer, møteplassar og nettverk	1.5.2.1 Laga ein arrangementsstrategi	Gjennomført
1.5.3 Vera drivkraft for å implementera kultur og kulturskaping		
1.5.4 Sikre både materielle og immaterielle kulturminne gjennom fysisk bevaring og formidling.		
1.5.5 Legge til rette for at kunstnarar og kulturarbeidarar kan bu og virka i Suldal		

2. Attraktive Suldal

2.1. Mål: Suldal skal vere ein kommune det er attraktivt både å flytte til og bli buande

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
2.1.1. Styrke og synleggjere kommunen sin identitet, særpreg og attraksjonsverdi		
2.1.2 Arbeide for attraktive, inkluderande og levande grender		
2.1.3 Utvikle Sand sentrum til eit framtidsretta og heilskapleg sentrum for alle innbyggjarar, næringsliv og besøkande	2.1.3.1 Prosjektering og opparbeiding av Bekkjatorget og områda opp mot innkøyringa til Nedre Dalane i tråd med vedtatt reguleringsplan for området (INV)	Pågå
	2.1.3.2 Framtidas kommunesenter (INV) Driftskonsekvens investeringar	Pågå Budsjettert
2.1.4 Synleggjere jobb-, bustadmoglegheiter og servicetilbod for å behalde arbeidskraft og tiltrekke fleire arbeidstakar	2.1.4.1 Straumstøttetiltak for næringslivet	Gjennomført
2.1.5 Ha eit variert bustadtilbod tilpassa ulike livsfasar		
2.1.6 Til ei kvar tid ha ledige byggeklare tomter i kommunen	2.1.6.1 Bustadfelt Randåsen / Klypa, planlegging (INV)	2025
	2.1.6.2 Kjøp av tomter/husvære – 2023, 3,5 mill. (jamfør rebudsjetteringssaka) Grender utan kommunale bustadfelt har førsteprioritet.	Gjennomført
2.1.7 La « Suldalspakken» syna kva skattkammeret Suldal har å by på	2.1.7.1 «Leige for å eige» bustader på Suldalsosen og i Erfjord. (INV) Driftskonsekvens investeringar	Pågå Budsjettert
	2.1.7.2 «Leige for å eige» bustader på Nesflaten og i Vanvik (INV) Driftskonsekvens investeringar	2024-25

	2.1.7.3 «Leige for å eige» bustader på Jelsa og i Marvik (INV) Driftskonsekvens investeringar	2025-26
	2.1.7.4 «Leige for eige» bustadar på Sand (INV)	Pågår
	2.1.7.5 Sal av bustadtomter for kr 550 000,- i eitt år	Pågår
	2.1.7.6 Evaluera effekten av sal av bustadtomter innan oktober	Pågår
	2.1.7.7 Leggja til rette for båtplass i lokale småbåtanlegg.	Tilbodet er med i annonseringa av Suldalspakken.
	2.1.7.8 Suldal kommune vil tilby gamle og nye tilsette jakt og fiske på kommunal grunn	Tilbodet er med i annonseringa av Suldalspakken.
	2.1.7.9 Tilskot energieffektivisering	Gjennomført
	2.1.7.10 Prestavikjo – eit nærmiljø- anlegg for alle Spelemidlar frå konsesjonsavg. Spelemidlar frå driftsmidlar Forskottering spelemidlar fylke (1,5 mill. frå spelemiddelfond) Forskottering momskompensasjon I tillegg til forslag frå kommunedirektøren, legg me inn 345 000,- i forskottering spelemiddel, 300 000 i tilskot og 1,5 mill. i forskottering momskompensasjon som sikkerhet for prisauken. Avsette investering i 2024 blir framskunda til 2023. Finansiering frå disposisjonsfondet.	Pågår
	2.1.7.11 Nærmiljøanlegg ved Suldal bad (INV). Anlegga vil vere godkjent for spelemidlar Treningspark og platting (INV) Pumtrackanlegg (INV)	Sjå 1.5.1
	2.1.7.12 Flytebrygger på Ropeidhalvøya (frå konsesjonsavg.) Auke med kr 0,37 mill. i 23	Gjennomført
	2.1.7.13 Flytebrygger på Nesflaten (frå konsesjonsavg.)	Gjennomført

	2.1.7.14 Restaurering av jakthytta Grotdalsneset, ei hytta som er open for alle (frå konsesjonsavg.)	Gjennomført
	2.1.7.15 Innføra halvering av dagens foreldrebetaling for barnehageplassar, gjeldande frå aug 2023. Kostnad 1, 6 mill. i 2023, kostnad pr år 3, 5 mill. etter dette.	Gjennomført
	2.1.7.16 Be kommunedirektøren sjå på moglegheit til å få aktivitet i eit av sentrumsbygga for å få til aktivitet retta mot ungdom på ettermiddagstid. Dette skal gjerast i samarbeid med Rysteg.	Politisk vedtak om å ikkje kjøpe Skipsekspedisjonen.
	2.1.7.17 Oppgradering av leirduebanen i Skarmyr, Suldal jakt og fiskelag, i 2023. Kommentar: Forskoting av spelemiddel kr 75 000 (spelemiddelfond).	Arbeidet vert samordna med utbygging/ utbetring av skytebanen. Kan medføra at leirduebanen vert forsinka.

2.2. Mål: Suldal skal vere attraktiv for eksisterande og nye næringar

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
2.2.1 Legge til rette for kontorfelles-skap og innovative miljø		
2.2.2 Vera attraktiv for forking og utvikling, entreprenørskap og innovasjon	2.2.2.1 Medlemskap i Stavangerregionens Europakontor	Gjennomført
2.2.3 Synleggjera samspelet mellom laks, vatn og kraft		
2.2.4 Legge til rette for opplevingsbasert berekraftig natur- og kulturbasert reiseliv	2.2.4.1 Planleggja og opparbeida tursti- system på strekninga Garaneset-Suldalsosen	Pågår
2.2.5 Arbeide for høgt tal på lærlingplassar i næringslivet		
2.2.6 Vidareutvikla samarbeid mellom skule og næring	2.2.6.1 Støtta opp om Suldal Vekst sitt arbeid med entreprenørskap blant barn og unge der Læring i næring er eit av verktøya.	Pågår
2.2.7 Legge til rette for behovstilpassa næringsareal på strategisk viktige stader i kommunen	2.2.7.1 Samarbeid med Statens vegvesen om korleis ein kan nytta overskotsmassar i samband med arbeid på eksisterande og nye tunellar på Rv 13.	Ingen signal om at dette arbeidet er starta frå Vegvesenet, vil bli følgt opp når det er aktuelt.
	2.2.7.2 Fylja opp tiltak i samfunnsanalysen	Behov for tiltak vert vurdert i høve budsjett og handlingsplan 2024-27.

	2.2.7.3 Vurdera kapasiteten i kommunale tenester knytt til store industriplanar bl.a. på Jelsa	Behov for tiltak vert vurdert utifrå kva fase industriplanane er i, og i høve budsjett og handlingsplan 2024-27
--	--	---

2.3. Mål: Suldal skal ha eit robust, framtidsretta og berekraftig landbruk

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
2.3.1 Jobbe for gjensidig forståing mellom overordna mynde og landbruket		
2.3.2 Styrke og utvikle hald av beitedyr som viktig næring og produksjon, for å oppretthalde kulturlandskap og artsmangfald	2.3.2.1. Vurdera/greia ut ei stønadsordning til bønder som tek i bruk virtuelle gjerder for storfe og småfe.	Pågår
2.3.3 Arbeide for eit berekraftig og aktivt skogbruk med fokus på skogkultur, skjøtsel og vegleiing og fremme bruk av tre idet grøne skifte		
2.3.4 Utvikle og utnytte potensiale for ulike tilleggsnæringar		
2.3.5 Ha ei streng haldning til fritak for buplikta på landbrukseigedomar		
2.3.6 Bidra til gode generasjonsskifte i landbruket slik at det vert attraktivt for unge å satse på landbruk	2.3.6.1. Føra vidare prosjektet "Suldalsbonden mot år 2050"	Pågår
2.3.7 Ha eit strengt jordvern i saker som gjeld frådelling og om disponering		

2.4. Mål: Suldal skal arbeide for god og kostnadseffektiv infrastruktur i heile kommunen

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
2.4.1 Samarbeide med eksterne aktørar for å arbeide mot at alle fastbuande får mobil- og fiberdekning eller tilsvarande		
2.4.2 Arbeida for trygge vegar både i kommunen og inn og ut av kommunen	2.4.2.1 Arbeida for ein heilskapleg plan på Rv13 og at det kjem inn i rulling av neste NTP. - Strekninga Suldalsosen Nesflaten - Lovradalen – Lovraeidet - Eiane – Kilane - Rassikring Bratlandsdalen - Gong/sykkelveg Steine – Hauabjør	

	- Lys langs rv 13 - Lindumssletta fram til kryss til Suldalseid. - Arbeide for at fartsgrensa blir redusert 60 k/t i same område så lenge det ikkje er sykkelsti. Det blir sett ned ei arbeidsgruppe med rep. Frå formannskap, næringsliv og evt folkeaksjonen Trygg rv 13 til å arbeide med forskottering og jobbe i eit langsiktig perspektiv med samferdsel.	Det er skilta ny 60 km/t - sone frå nedom kryss Suldalseid til Lundargard.
	2.4.2.2 Bygga kryss ved Erøyvik etter reguleringsplanen. Gå i dialog med grunneigar for å sjå på ei betre løysing for området rundt Betel og Erøyvik Trevare samt løysing for bustader ved vegenden. (INV)	2025
	2.4.2.3 Nye gatelys på Lølandsvegen (INV) Driftskonsekvens investering	Gjennomført
	2.4.2.4 Utsifting og fornying av autovern	25-26
	2.4.2.5 Oppgradering av kommunale vegar til høgare vektklasse, jamfør rapport frå Transportøkonomisk institutt.	Forsterka nedre del av Suldalseid-vegen for tømmertransport og klassa den opp. Tek dei vegane som er aktuelle i høve transport ved hogst.
	2.4.2.6 Auka satsane for vedlikehald av private vegar med 100 %, ekstrakostnad 216 000 kr pr år.	Gjennomført
2.4.3 Arbeida for gode kollektivtilbod		
2.4.4 Arbeida for realisering av Hukelibanen		
2.4.5 Oppruste kommunale vatn- og avløpsanlegg slik at dei tilfredstiller kvalitets og klimakrav	2.4.5.1 Utbetring av kulvert Rallebekken Prosjektering (INV)	2025
	2.4.5.2 Nytt Sand vassverk Prosjektering og utbygging (INV)	Reguleringsplan godkjent. Pågår
2.4.6 Sikra godt vedlikehaldne tenestebygg, uteanlegg og parkeringsplassar.	2.4.6.1 Bygga ny sjukeheim (INV)	Pågår
	Inventar og utstyr	

	2.4.6.2 Bygga ny Vinjarheim (INV)	2024
	2.4.6.3 Erfjord skule, vedlikehald av bygg	Gjennomført
	2.4.6.4 Vinjar barnehage, nye portar til uteområde	Pågår
	2.4.6.5 Skifte av fallunderlag på uteområda i Suldalsbarnehagane.	2025
	2.4.6.6 Oppgradering av Suldalshallen (INV) Merknad: (Spelemiddelprosjekt)	2024 og 26
	2.4.6.7 Setje i gong eit forprosjekt for rehabilitering av Kulturhuset	2026
	2.4.6.8 Ekstra vedlikehald i 2 år, kommunale bygg generelt	Gjennomført
	2.4.6.9 Asfaltering av uteområde ved lager Teknisk drift. Området vert lettare å halde ryddig og vil få redusere vedlikehald. (INV)	Gjennomført
	2.4.6.10 Kjøp av bygningsmasse frå Ryggjatun Eigedom AS, (INV) Finansiering frå fond	Gjennomført
	2.4.6.11 Utbygging Ryggjatun, elevheimar (INV) Netto sum for elevheimane (frivillig registrering mva) og brutto sum for tenarbustadar	Pågår
	2.4.6.12 Ny lokasjon NAV Suldal	Gjennomført
	2.4.6.13 kjøp av nye utleigebustadar (INV) Nytt budsjetterte investeringsmidlar	Gjennomført 4 leilegheiter på Eide, Sand. Ei leilegheit i Erfjord.
	2.4.6.14 Avhenda gamle utleigeeiningar og kjøpa/byggja nye	To eldre hus er selde
	2.4.6.15 Der det er mogleg; ha «fortetting» på bruken av kommunale bygg til tenesteyting.	Pågår
	2.4.6.16 Vurdera behov for oppgradering av Marvik kai og kostnader dette vil medføra.	Gjennomført
	2.4.6.17 Tiltak sentrumsbygg Nesflaten (automatisk dør til butikken)	Gjennomført

2.5. Mål: Suldal skal aktivt arbeida for eit godt regionsamarbeid

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
2.5.1 Være pådrivar og deltakar i regional utvikling og samarbeid		
2.5.2 Arbeida for tilbod om desentralisert utdanning	2.5.2.1 Arbeida for vidare desentralisert sjukepleiarutdanning i Ryfylke	Pågår
	2.5.2.2 Arbeida for andre aktuelle desentraliserte utdanningar i Ryfylke	Gjennomført
2.5.3 Vidareutvikle reiselivssatsing gjennom regionalt samarbeid		

2.6. Mål: Suldal skal vera ein kommune med fokus på samfunnstryggleik

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
2.6.1 Beredskap ved kriser, brann og andre hendingar	2.6.1.1 Gjennomføre beredskapsøving	Under planlegging
	2.6.1.2 Ny organisering av Brann og redning.	Gjennomført
	2.6.1.3 Det er mangel på elektroniske byggteikningar og branndokumentasjon på ein del kommunale bygg. For å få laga dette må det nyttast ekstern kompetanse.	Pågår
	2.6.1.4 Ny branngarasje Suldalsosen - prosjektering Utbygging (INV)	Pågår
	2.6.1.5 Brannstasjon/garasje Sand, prosjektering Utbygging (INV)	2025-26
	2.6.1.6 Brann, kjøp av mannskapsbil Jelsa (INV)	Pågår
	2.6.1.7 Brann, kjøp av mannskapsbil Suldalsosen (INV)	Pågår
	2.6.1.8 Oppfølging av forslag til tiltak i ROS-analysen	Kontinuerleg.
	2.6.1.9 Oppdatering av helse- og beredskapsplanar	Pågår

3. Grøne Suldal

3.1. Mål: Suldal tar vare på sitt særpreg gjennom god forvaltning av natur og kulturlandskapet

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
3.1.1 Legge til rette for gode og tilgjengelege rekreasjons- og friluftsområde		
3.1.2 Ha god forvaltning av og formidle verdiane som ligg i kulturminne og kulturmiljø		
3.1.3 Ha god forvaltning av og formidle verdiane av naturmangfald og biologisk mangfald		
3.1.4 Ha god lokal forvaltning av dei ulike verneområda i kommunen		

3.2. Mål: Suldal skal legge til rette for det «grøne skiftet» og ta ei aktiv rolle for å redusere klimagassutslepp

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
3.2.1 Legge til rette for energisparing og fornybare energiløysingar både i kommunal og privat regi	3.2.1.1 Ombygging gatelys til LED (INV)	Pågår
	Driftskonsekvens	Budsjettert
	Tilskot energieffektivisering, sjå tiltak 2.1.7.7	Pågår
3.2.2 Ha kommunale bygg og anlegg med innovative, fornybare og lønsame energitiltak	3.2.2.1 Solcelleanlegg på tak, kommunale bygg (INV)	2025-26
	3.2.2.2 Enøk-tiltak som kan gi energieffektivisering og mindre straumforbruk over tid. (INV)	Pågår
3.2.3 For kommunale bygg vurdere og velje klimavenlege byggemateriale, medrekna tre, i staden for betong og stål, der det er mogleg og tenleg		
3.2.4 Arbeida for at me får ei berekraftig næringsutvikling med minst mogleg klima- og naturavtrykk		
3.2.5 Stille klima- og miljøkrav i kommunen sine innkjøp og investeringar		
3.2.6 Ha ein langsiktig arealstrategi for å ta vare på matjord, produktiv skog, myr, våtmark og andre karbonrike areal		
	3.2.7.1 Installera el-ladarar ved Suldal bad (INV)	2024

3.2.7 Arbeide for å få på plass ladeinfrastruktur på knutepunkt i kommunen	Driftskonsekvens investeringar	
